KONKURRANSE-
TILSYNET
Norwegian Competition Authority

ÅRSMELDING
2021

Innhald

1. Leiars melding 2
2. Introduksjon til verksemda og nøkkeltal 5
   2.1 Samfunnsoppdrag og mål 5
   2.2 Organisering og leiing 8
   2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen 9
   2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal 10
3 Aktivitetar og resultat 11
   3.1 Evaluering av oppnådde mål 11
   3.2 Kartellavdekking / ulovleg samarbeid 13
   3.3 Misbruk av dominans 17
   3.4 Fusjonskontroll 19
   3.5 Daglegvaremarknaden 24
   3.6 Konkurranse i ein digital økonomi 28
   3.7 Pådrivar for konkurranse 29
   3.8 Marknadsovervaking i krisetid 32
   3.9 Internasjonalt arbeid 34
   3.10 Konkurransefagleg forsking og utgreiing 36
   3.11 Berekraft 37
4. Styring og kontroll 39
   4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda 39
   4.2 Covid-19 40
   4.3 Bemanning 40
   4.4 Inkludering, mangfald og likestilling 42
   4.5 Bruk av kommunikasjonstenester 46
   4.6 Trygging og beredskap 47
5. Vurdering av framtidsutsikter 48
6. Årsrekneskap 52
   6.1 Leiarkommentar 52
   6.2 Prinsippnote 54
Vedlegg 1 - Det alminnelege prisreguleringsfond - Årsrekneskapen 62
Vedlegg 2 - Det alminnelege prisreguleringsfond - Rapportering på prosjekt 66

1. Leiars melding

Konkurransetilsynet har i dei siste 6 åra styrt etter ein strategiplan med ein visjon om velfungerande marknader. Hovudmål har vore å ha ein tydeleg effekt i marknaden og å utvide konkurransearenaen, basert på godt samspel mellom omverda og dyktige medarbeidarar i utvikling. Dei strategiske målsetjingane har vore førande for prioriteringsavgjerdene våre, og det er klart at viktige mål har vorte nådde.

Fjoråret og ein gjennomgang av årsrapportane i dei åra forgjengaren min, Lars Sørgard, var konkurransedirektør, viser at Konkurransetilsynet i perioden gjennomgåande har hatt eit høgt aktivitetsnivå, prega av mange tunge saker i ulike marknader og breidde i verkemiddelbruken. Det er verd å merke seg at vedtaka våre har stått seg i rettsapparatet og at vi med det har lykkast med å etablere eit klart avskrekkande bøtenivå. Eg er stolt over å overta leiinga i ei verksemd som har varetatt samfunnsoppgåva si på ein god måte, med ein stab av dyktige og engasjerte medarbeidarar. Konkurransetilsynet har lykkast med å ha ein tydeleg effekt i marknaden.

I det siste året har konkurranseutfordringar i daglegvaremarknaden stått sentralt i arbeidet vårt. Konkurransetilsynet fekk i 2019 ekstra midlar frå Nærings- og fiskeridepartementet for auka satsing på daglegvaresektoren. Det vart vedtatt å organisere satsinga som eit eige prosjekt: Prosjekt Dagligvare (PD). Satsinga gav oss moglegheit til å auke kapasitet til handheving knytt til denne sektoren, i tillegg til å arbeide målretta med pådrivararbeidet. I 2021 vedtok Stortinget at denne satsinga skal gjerast permanent, noko som gjer det mogleg med eit meir langsiktig perspektiv på kompetanseoppbygging slik at vi er i god posisjon til å adressere konkurranseutfordringar i denne sektoren.

– Å bli ny leiar i Konkurransetilsynet er som å hoppe på eit tog i fart – eit tog som går fort og godt på skinner. Eg er kommen til ein pulserande og velfungerande organisasjon med dyktige og hyggelege folk som er sitt ansvar vel bevisst. Eg er svært motivert for jobben som lokførar.

Tina Søreide,
konkurransedirektør

På handhevingssida har særleg to saker stått sentralt i arbeidet vårt det siste året. I den eine saka varsla vi (i desember 2020) gebyr på til saman 21 milliardar kroner på bakgrunn av mistanke om at daglegvarekjedene har gitt kvarandre tilgang til strategisk marknadsinformasjon og såleis kan ha drive med ulovleg konkurransehemmande samarbeid. Konkurransetilsynet fortsette arbeidet med etterforskinga i 2021.

Vi har òg nøye vurdert om det førekjem ulovleg prisdiskriminering i bransjen. Etter ei grundig vurdering fann vi i etterforskingssaka mot Orkla, Mondelez og Norgesgruppen ikkje grunnlag for å konkludere med at det hadde skjedd eit brot på konkurranselova, og saka vart avslutta våren 2021.

I tillegg til aktiv handheving av konkurranselova sine forbodsføresegner, har vi det siste året vore ein aktiv pådrivar for konkurranse. Eit viktig grunnlag for dette arbeidet er å forstå marknaden godt. Hausten 2021 starta vi dessutan eit arbeid med å kartlegge årsakene til dei forskjellane i innkjøpsprisar som vi observerer. Vi har arbeidd med å kartlegge verdikjeda for frukt og grønt, og med det legge grunnlag for å foreslå eventuelle tiltak.

Vidare kan det nemnast at vi har undersøkt etableringsbarrierar i marknaden, til dømes kommunale reguleringar og daglegvarekjedene si bruk av servituttar på eigedomar. Også utviklinga av den nettbaserte daglegvaremarknaden er noko vi har følgt tett i fjoråret. Gjennom netthandel av daglegvarer kan nye og innovative aktørar vekse fram og gi nye tenester til forbrukarane. For at nettaktørar skal kunne etablere seg og konkurrere òg mot dei fysiske daglegvarebutikkane, er det ikkje minst viktig at rammevilkåra ikkje er til hinder for dette. Konkurransetilsynet har i 2021 arbeidd aktivt med denne problematikken.

Digitalisering pregar arbeidet vårt på ulike måtar. I 2020 vedtok vi ein eigen digital strategi som har vore førande for arbeidet vårt i 2020 og 2021.

Eit sentralt punkt i strategien er å forstå korleis konkurransen i digitale marknader går føre seg. Som eit ledd i dette publiserte vi i fjor ein rapport med resultata av ei marknadsundersøking om i kva grad og korleis norske bedrifter brukar prisings- og overvakingsalgoritmar. Vidare deltek vi i mellom anna i eit tilsynsnettverk saman med Forbrukartilsynet og Datatilsynet, der vi utvekslar erfaringar knytt til digitale marknader.

Eit viktig aspekt er å få marknadskunnskap om kva dei særleg store føretaka gjer med omsyn til fusjonar og oppkjøp, sjølv når desse transaksjonane er under terskelverdiane for meldeplikt. I den samanhengen gjorde vi ei vurdering om det er aktørar i digitale marknader som bør påleggast ei særleg opplysningsplikt om oppkjøp under terskelverdiane. Vi konkluderte med at Schibsted skulle påleggast ei slik opplysningsplikt for ein nærare avgrensa marknad.

Vår digitale strategi handler og om korleis vi bruker moglegheitene til å henta data frå eksterne kjelder og analysere dei. Vi har arbeid med å etablere kompetanse og kapasitet til effektiv handheving på bakgrunn av dei data som digitaliseringa genererer, både i privat og offentleg sektor. I 2021 tilsette vi to spesialistar med særleg kompetanse på informasjonsuthenting, automatisering og bruk av maskinlæringsmodellar. Dette har gitt oss eit godt grunnlag for å vidareutvikle den operative evna vår til å nyttiggjere oss data som blir genererte i digitale marknader i handhevinga. Men sjølv om vi etablerer ei operativ evne til å nyttiggjere oss data frå digitale marknader står det likevel att utfordringar for å kunne realisere målsetjingane våre. Vi har arbeidd med etablering av ei plattform for intern utvikling og effektiv deling av analysar. Vidare vil vi fortsetje arbeidet vårt med å få effektiv tilgang til data. Dette gjeld mellom anna data som føretak utvekslar gjennom tredjepart for prissamanlikningstenester, og tilgang til data frå offentlege innkjøp.

Ein viktig føresetnad for å ha ein tydeleg effekt i marknaden er å ha høg synlegheit. Også her er målsettinga mi å vidareføre dei gode resultata min forgjengar har oppnådd. Det er eit viktig resultat at Konkurransetilsynets undersøking blant næringslivsleiarar i 2021 viste at kunnskapen om verksemda vår har auka sidan førre undersøking i 2021. Auka kunnskap er tett knytt til mediemerksemd. Vi har vore omtala i over 4500 nyheitssaker i norske media i fjor. Totalt vart det skrive 16 kronikkar av medarbeidarane til tilsynet.

Vi har brukt sosiale medium aktivt for å nå ut til primære målgrupper. Samtidig syner vår undersøking blant næringslivsleiarar at det framleis er rom for å auke kunnskapen om konkurranselova, ikkje minst blant små og mellomstore føretak. Høg aktivitet gjennom foredrag og webinar, i samarbeid med næringslivsorganisasjonane, vil fortsetje å vere eit viktig reiskap i så måte.

Strategiplanen som vi har styrt etter dei siste 6 åra skal no fornyast. Organisasjonen har gjort eit grundig arbeid med å kartlegge og diskutere kva som er dei sentrale utfordringane som må adresserast i den neste strategiperioden. Dette har gitt eit godt grunnlag for bidraget mitt til å peike ut kursen til tilsynet framover, i tråd med forventningane til samfunnet og departementet.

Tina Søreide
konkurransedirektør

2. Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Konkurranse er eit verkemiddel som bidrar til effektiv ressursbruk. Kundane får eit betre tilbod av varer og tenester, med betre kvalitet og lågare prisar. Konkurranse bidrar til at norske føretak blir meir konkurransedyktige i internasjonale marknader. I samsvar med det langsiktige målet til regjeringa og tilsynets strategiar vil ei streng konkurranselovgiving og eit effektivt tilsyn frå konkurransemyndigheitene gi velfungerande marknader.
Konkurransetilsynets strategiplan 2017-2021

1. **Å handheve konkurranselovgivinga**
   Konkurransetilsynet skal handheve konkurranselova og konkurransereglane i EØS-avtalen. Konkurranselova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av dominerande stilling. Føretak har plikt til å melde fusjonar og oppkjøp til tilsynet, og tilsynet kan gripe inn om dei er konkurranseskadelege.

2. **Å vere ein pådrivar for konkurranse**
   For å hindra konkurranseskadeleg åtferd, mellom anna gjennom auka forståing for viktigheita av konkurranse, må Konkurransetilsynet vere tydeleg og synlege i offentlegheita. Ein viktig del av pådrivararbeidet for konkurranse er knytt til tilsynets oppgåve med å påpeike konkurransehemmande verknader av offentlege ordningar og reguleringar og fremma forslag med sikte på å styrke konkurransen.

Strategiplan

For perioden 2017-21 har tilsynet definert fire strategiske mål, der kvart enkelt mål har ulike delmål. Figuren viser strategiplanen i kort form. Årsrapporten viser korleis tilsynet har oppnådd dei strategiske måla sine i 2021, og set aktivitetane og resultata i eit fleirårig perspektiv.



Resultatkjede

For å vise samanhengen mellom ressursar og resultat nyttar vi ein modell basert på resultatkjedetankegang. Modellen viser korleis tildelte middel blir nytta på ulike aktivitetar for å oppnå best mogleg effekt. Effektane i samfunnet, ved at forbrukarar nyt godt av lågare prisar og betre produkt, blir oppnådd gjennom effektane på dei som er brukarane, dvs. dei gruppene som tilsynet direkte påverkar. Ei viktig brukargruppe er aktørar i næringslivet og representantane deira. Ei anna brukargruppe er politikarar og lovgivarar, som vi ønsker å gi ei god forståing for korleis reguleringar kan fremma eller skade konkurransen.

Det er utfordrande å måla effektane på brukarar og samfunnet. Relasjonen mellom aktivitetane og samfunnseffektane er ikkje eintydige. Nokre effektar merkar ein berre gradvis, og dei fleste effektane er vanskeleg å talfesta. Resultatkjeda er likevel ein nyttig modell for å synleggjera samanhengen mellom innsatsfaktorar, aktivitetar og resultat, og blir beskrive meir detaljert per sakstype i årsrapportens del 3. Her visast modellen i kortform og på neste side visast modellen spesifisert for Konkurransetilsynet si verksemd.



INNSATSFAKTORAR
Konkurransetilsynet mottar offentlege midlar for å utføra samfunnsoppdraget sitt. I 2021 vart tilsynet tildelt 126,6 MNOK**.** Våre tilsette er den viktigaste ressursen vår. I 2021 arbeidde desse til saman 91,6 årsverk, og 78,6 prosent av dei tildelte midla gjekk til lønn.

AKTIVITETAR
Dei tilsette passar på at føretak ikkje samarbeider på ein måte som avgrensar konkurransen. Dei hentar inn informasjon om marknader, og analyserer om føretak konkurrerer på ein lovleg måte og til fordel for oss forbrukarar. Tilsynet vurderer mottekne tips om klager på moglege lovbrot, og rettleier føretak og advokatar i konkurranseregelverket. Tilsynet vurderer i tillegg om oppkjøp eller fusjonar kan gjennomførast utan at konkurransen blir avgrensa. Vi vurderer ca. 100 fusjonsmeldingar årleg, og er ein aktiv overvakar av marknadsutviklingar. Tilsynet vurderer òg om eksisterande og føreslåtte endringar i rammeverket påverkar konkurransen på ein uheldig måte. Årleg vurderer tilsynet om ein skal gi høyringsfråsegn i om lag 120 offentlege høyringar.

PRODUKT / TENESTER
Konkurransetilsynet grip inn når føretak bryt konkurranselova. Lovbrot skal sanksjonerast raskt og effektivt. Ved brot på forbodsføresegnene i lova kan tilsynet ilegga gebyr og personstraff, og dessutan pålegga føretak å stansa eller endra avtalar som hindrar konkurranse. Oppkjøp eller fusjonar som skadar konkurransen kan tilsynet stansa. Føretak kan òg komme med forslag til å endre planar om oppkjøp og fusjonar i samråd med Konkurransetilsynet. Vi er aktive og synlege i forskjellige marknader og med forskjellige typar saker, for å vise at konkurransereglane er omfattande og gjeld alle næringar. Tilsynet er synleg i offentlegheita mellom anna gjennom kronikkar, høyringsfråsegner, utsegner i media og foredrag. Vi seier frå når reguleringar i ein marknad bør endrast, for å sørge for at verksemder kan konkurrere betre.

BRUKAREFFEKTAR
Når føretak konkurrerer på lovleg måte, bruker dei ressursar på å tilby det som er best for forbrukarane. Dei freistar å utnytte råvarer, kapital, arbeidskraft og transportsystem effektivt og formålstenleg. Aktørane i næringslivet vil ha høgare insentiv til å tenke innovasjon og tilpasse produkta sine til det som kundane etterspør. Produkt og tenester vert billegare, eller av betre kvalitet. Gjennom Konkurransetilsynets vedtak minnest aktørar i næringslivet på viktigheita av å følgje konkurranselova. Den preventive effekten syner seg ved at aktørane vil unngå risikoen for bøter, omdømmetap, erstatningskrav, personlege bøter og fengselsstraff. Målet til tilsynet er at føretak skal få betre forståing for kva som er lovleg og kva som er ulovleg samarbeid. Føretak kan tipse tilsynet om avtalar dei meiner kan vere skadeleg for konkurransen, òg om dei sjølv er ein del av dei. Når dei seier i frå vil dei kunne få redusert eller inga straff. Politikarar og lovgivarar forstår betre korleis reguleringar kan fremma eller skade konkurransen, og vil ta omsyn til dette ved endringar i regelverk.

SAMFUNNSEFFEKTAR
Dei konkurranseproblema vi har tatt opp skal leie til ei endring som er til fordel for forbrukarar og næringsliv. Føretak yter best i eit fritt og uavhengig næringsliv utan særbehandling eller konkurransehemmande avtalar, med fri flyt av varer og tenester og fri tilgang til marknadene. Konkurranse har ein positiv effekt på innovasjon, sysselsetjing og produktivitet, som kjem samfunnet til gode. Offentlege og private aktørar konkurrerer betre på konkurranseutsette varer og tenester, og det er mindre økonomisk kriminalitet. Norske verksemder er meir konkurransedyktige i internasjonale marknader. Ved offentlege anbodskonkurransar blir offentlege middel utnytta betre. Det offentlege kan tilby betre varer og tenester som ikkje er dyrare enn nødvendig. Konkurransetilsynets arbeid i alle desse marknadene gir deg, gjennom skattepengane du betaler, betre utval, fleire og betre produkt og tenester til ein rimelegare penge.

2.2 Organisering og leiing

Konkurransetilsynet er organisert med tre marknadsavdelingar. Ansvarsområda for dei tre marknadsavdelingane kjem fram av organisasjonskartet. Vidare har tilsynet tre fagavdelingar med spesialistkompetanse på konkurranserett, konkurranseøkonomi og etterforsking, i tillegg til ein kommunikasjonsstab og ein administrasjons- og organisasjonsavdeling. Frå 2019 har Konkurransetilsynet hatt ei daglegvaresatsing, der pådrivararbeidet har vore organisert i ei eiga prosjektgruppe**.** Ei viktig del av satsinga har vore styrka handheving i daglegvaremarknaden.



Leiinga i Konkurransetilsynet består av konkurransedirektør Tina Søreide, sjefsøkonom, juridisk direktør, etterforskingsdirektør, direktørane for dei tre ulike marknadsavdelingane, i tillegg til kommunikasjonsdirektør, direktør for eksterne relasjonar og administrasjons- og organisasjonsdirektør. Frå 1. februar 2022 er Tina Søreide tilsett som ny konkurransedirektør. Tina kjem frå stillinga som professor ved Institutt for rekneskap, revisjon og rettsvitskap ved Noregs handelshøgskule, og har tidlegare utført arbeid for ei rekke internasjonale organisasjonar, inkludert OECD og Verdsbanken.

Konkurransetilsynet har kontorlokale i Zander Kaaes gate, sentralt i Bergen.

Overordna departement og klageorgan

Konkurransetilsynet er eit statleg forvaltningsorgan, underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD), og er sikra sjølvstende ved handhevinga av konkurranselova gjennom lovfesta avgrensingar i instruksjonsretten til departementet. I 2017 vart det oppretta eit nytt uavhengig forvaltningsorgan for å behandle klager over dei vedtaka og avgjerder tilsynet fattar i første instans (med unntak av vedtak etter pristiltakslova) - Konkurranseklagenemnda (KKN). For vedtak fatta før 1.april 2017, gjaldt at NFD behandla klagar på vedtak som ikkje gjaldt gebyr, medan vedtak om gebyr vart overprøvde direkte for domstolane.

2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltala frå tabellane og diagrammet under er basert på definisjonar frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Konkurransetilsynet har inga verksemd som gir omsetning. Som tabellen under viser, utgjer lønnsutgiftene den største delen av budsjettet, med 78,6 %.

Konkurransetilsynet 091101	2018	2019	2020	2021
Utførte årsverk[1]	86,3	90,9	96,8	91,6
Samla tildeling post 01 (NOK)	112 864 000	123 453 000	121 858 000	126 538 000
Driftsutgifter (NOK)	107 861 312	122 840 124	118 841 515	121 117 537
Utnyttingsgrad av tildeling	95,7 %	99,5 %	97,6%	95,8%
Refusjonar lønn (NOK)	4 079 412	3 595 638	3 711 152	2 954 108
Lønnsandel driftsutgifter	74,5 %	72 %	77,5%	78,6%
Lønnsutgifter pr årsverk (NOK)	931 089	972 861	952 163	1 039 395



Årsverk	2018	2019	2020	2021
Tal på utførte årsverk	86,3	90,2	96,8	91,63
Avtalte årsverk[2]	99	102	109	105
Tal på ansatte[2]	100	104	110	106
Tal på arbeidsforhold[2]	99	102	110	106

[1] Utførte årsverk for 2018-2021 er berekna etter definisjon frå PM-2019-13 (https://lovdata.no/dokument/SPHPM/pm-2019-13).
[2] Kilde 2018-2019: SSB, Tabell 12623, per 20.1.21. Oppdatert etter førre årsrapport. Kilde 2020-2021: DFØ Fagbrukerinnsikt. Som tal på arbeidsforhold er det brukt tal på stillingar.

2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal

Volum- og andre nøkkeltal som gjeld Konkurransetilsynets kjerneoppgåver er presentert i tabellane under. Tabellane viser tal på saker til vurdering (aktivitetane våre i samsvar med resultatkjeda), tal på inngrep, avgjerder og høyringsfråsegner (produkta og tenestene våre i samsvar med resultatkjeda), og dessutan storleik på gebyra. I del 3 blir desse knytt opp mot effektane, og det blir presentert fleire tal om ressursbruk og mål.

Mottekne saker	2018	2019	2020	2021
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§16)	111	107	93	156
Tips om konkurranseskadeleg åtferd og lovbrot (§§10/11)	308	434	379	377
Lempingssøknader	3	4	2	2
Mottekne høyringar	134	118	124	155

Etterforsking	2018	2019	2020	2021
Bevissikring § 25 - saker/stader	2/10	2/6	1/2	2/8
Forklaringsopptak § 24 - saker/tal	4/34	6/39	3/6	0

Vedtak, avgjersler og fråsegner	2018	2019	2020	2021
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	2	3	1	2
Tal på meldingar om fusjonar og oppkjøp trekt av partane etter varsel om mogleg inngrep (§ 16)	1	1	0	1
Avgjersler om ikkje inngrep i fusjonar og oppkjøp (§ 16)	0	1	1	0
Vedtak om lovbrotsgebyr grunna konkurranseskadeleg åtferd (§§ 10/11)	1	1	1	0
Vedtak om avhjelpande tiltak (§§10/11, § 16)	0	0	2	1
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	0	1	3	0
Høyringsfråsegn	10	8	15	6
Vedtak om lovbrotsgebyr i forbindelse med etterleving av meldeplikt til fusjonskontroll	0	0	2	1

Lovbrotsgebyr i vedtak (TNOK)[3]	2018	2019	2020	2021
Konkurranseskadeleg åtferd	788 000	467 300	766 000	0
Fusjonskontroll: Brot på gjennomføringsforbod / opplysningsplikt / meldeplikt	0	0	0[4]	3 000

[3] Beløp som kjem fram i vedtak. Ikkje justert for lemping, klageutfall eller manglande betalingsevne. I del 3 finn ein meir informasjon om status og utfall i saker etter klager, mm.
[4] Tallet er forskjellig frå Årsrapport 2020, då vedtaka blei trekt tilbake etter klage til Konkurranseklagenemda.

3 Aktivitetar og resultat

3.1 Evaluering av oppnådde mål

Konkurransetilsynet sitt samfunnsoppdrag er å fremme konkurranse som er til fordel for forbrukarar og næringsliv. Ei overordna vurdering av resultata frå strategiperioden 2017-2021 viser at samfunnseffektar av arbeidet vårt er betydelege.



Leiars melding og del 3.2 - 3.10 i årsrapporten gjer greie for korleis aktivitetane våre har bidrege til konkurranse. I denne delen er den eksterne evalueringa av Konkurransetilsynet i fokus. I løpet av strategiperioden 2017-21 er det utført fleire eksterne undersøkingar. Resultat frå tidlegare undersøkingar er gitt att i tidlegare årsrapportar.

I 2021 utførte Konkurransetilsynet ei spørjeundersøking hos leiarar i små, mellomstore og store føretak i Noreg. Eit utval på 13 478 føretak vart trekte ut, kor 2 834 svarte på undersøkinga. Dei fleste av spørsmåla var òg med i undersøkinga i 2017. Undersøkinga viser at fleire bedriftsleiarar har auka sin kjennskap til og kunnskap om konkurranselova og Konkurransetilsynet sitt arbeid betrakteleg dei fem siste åra.



Delen med særs godt eller ganske godt inntrykk av Konkurransetilsynet har auka vesentleg sidan 2017.

Klart fleire meiner òg at Konkurransetilsynet sitt arbeid er særs eller ganske viktig for å leggje til rette for velfungerande marknader.

Samstundes seier fleire verksemder at dei har gjennomført direkte tiltak for å unngå å bryte konkurranselova. 1 av 3 bedriftsleiarar oppfattar at det er konkurransehemmande samarbeid i eigen bransje. Dette er om lag på same nivå som i 2017. Undersøkinga viser at 75 prosent kjenner til tipsordninga, medan det er berre 8% som seier dei kjenner til ordninga om lemping.

Karin Stakkestad Laastad
Juridisk direktør

"I 2021 vart fleire store og sentrale saker endeleg avgjort, som Forlagssaka, Telenorsaka og Alarmsaka. Vi trur og håpar at desse sakene vil ha ein preventiv effekt for andre aktørar og i andre marknader. I den samanheng spelar og advokatane som representerer aktørane ei sentral rolle, og vi vil fortsetje å ha god dialog med advokatane slik vi har hatt tidlegare år."

3.2 Kartellavdekking / ulovleg samarbeid

Kartellavdekking og handheving av forbodet mot ulovleg samarbeid er ei hovudoppgåve for Konkurransetilsynet. Vi har oppsyn med alle marknader, og kan starte etterforsking uavhengig av saka og marknaden sin storleik og karakter. Etterforskingssakene oppstår som regel ut frå tips, klagar frå andre aktørar, våre eigne undersøkingar og overvaking, eller søknadar om lemping. Gjennom tipskanalen på nettsidene våre kan tipsarar kommunisere anonymt med oss gjennom kryptert tovegs-dialog. Tipsar sin anonymitet vil vere sikra ettersom kommunikasjonen foregår gjennom ein ekstern databehandlar.

Merksemd omkring våre bevissikringar og etterforskingar har ein preventiv effekt, og førebygger potensielt ulovleg samarbeid mellom konkurrentar. I 2021 har vi starta etterforskingssaker i ein digital marknad, i ein helserelatert marknad og i marknaden for flyttetenester. Etterforskingssaka i marknaden for sjøtransport som vart starta i 2020, vart avslutta i 2021.

Medhald i Høgsterett i Forlagssaken

I 2017 ila Konkurransetilsynet fire forlag gebyr for ulovleg samarbeid ved utveksling av konkurransesensitiv informasjon som førte til ein boikott av distributøren Interpress. I 2020 vart anken frå forlaga Cappelen Damm og Gyldendal behandla i lagmannsretten. Fleirtalet i lagmannsretten gav tilsynet medhald i at samarbeidet var eit formålsbrot i strid med konkurranselova § 10, og heva gebyra. Lagmannsrettens dom vart anka inn for Høgsterett av begge forlaga. I mai 2021 gav Høgsterett einstemmig Konkurransetilsynet fullt medhald i at forlaga Cappelen Damm og Gyldendal braut konkurranselova § 10 om ulovleg samarbeid då dei saman med to andre forlag boikotta leveransar til distributøren Interpress, og at samarbeidet utgjorde eit formålsbrot.

Gyldendal anka òg gebyrutmålinga. Gyldendal meinte det var feil når Konkurransetilsynet ved utmålinga av lovbrotsgebyret tok utgangspunkt i Bestselgerforlaget si omsetning, og ikkje i dei lisensinntektene som Gyldendal hadde frå Bestselgerforlaget sitt boksal. Gyldendal viste til at Bestselgerforlaget er eit anna føretak enn Gyldendal – underlagt Gyldendal og Aschehoug sin felles kontroll, og at Bestselgerforlaget og Gyldendal følgeleg ikkje er same føretak etter konkurranselova § 2. Høgsterett forkasta Gyldendal sin anke også på dette punkt.

Ulovleg samarbeid

Konkurranselova § 10 forbyr samarbeid mellom føretak som har til formål eller verknad å hemme konkurransen.

Forbodet mot konkurransehemmande samarbeid gjeld ikkje berre avtalar, men også meir uformelt samarbeid som til dømes at to konkurrentar i samforstand aukar prisane på varene sine.

Forbodet omfattar både horisontale og vertikale samarbeid.

Amnesti: Det føretaket som er først ute med å avsløra eit ulovleg samarbeid til Konkurransetilsynet kan unngå gebyr og straffeforfølging

Kari Bjørkhaug
Etterforskingsdirektør

"Bevissikring er eit effektivt og viktig verkemiddel for å skaffe bevis i arbeidet med å avdekke kartell. Terskelen for bevissikring er låg, det er tilstrekkeleg at Konkurransetilsynet har indikasjonar på ulovleg konkurransesamarbeid i marknaden, for eksempel prislikskap. Det er viktig at alle næringar forstår at vi følger med, og vi mottar gjerne tips om ulovleg samarbeid gjennom vår ordning for anonym varsling."

Medhald i klagesak mot Verisure

I 2020 ila Konkurransetilsynet Verisure gebyr for ulovleg samarbeid med Sector Alarm om sal av bustadalarm. Tilsynet fant at Verisure og Sector Alarm, som er dei klart største aktørane i den norske marknaden for bustadalarmar, hadde samarbeida om marknadsdeling i perioden 2011 til 2017. Sector Alarm valte å godta gebyret like etter tilsynet sitt varsel om gebyr, og tilsynet fatta derfor vedtak mot selskapet i 2019. Verisure tok saka inn for Konkurranseklagenemnda. I november 2021 gav nemnda Konkurransetilsynet medhald i at Verisure AS hadde handla i strid med konkurranselova gjennom å ha samarbeida ulovleg med konkurrenten Sector Alarm. Nemnda meinte samarbeidet utgjorde eit formålsbrot, og oppretthaldt tilsynets gebyr på 766 millionar kroner. Verisure var ueinig i Konkurranseklagenemda sitt vedtak, men valde å ikkje bringe saken vidare inn for rettsapparatet og har no betalt gebyret. Konkurransetilsynets vedtak er derfor rettskraftig.

Sak om konkurranseskadeleg informasjonsutveksling i bokmarknaden

Konkurransetilsynet varsla i 2020 lovbrotsgebyr på samla 502 millionar kroner til forlaga Cappelen Damm, Forlagshuset Vigmostad & Bjørke, Gyldendal og Aschehoug og føretaket Bokbasen. Tilsynet si foreløpige vurdering i varselet er at desse aktørane har samarbeida ulovleg ved å dele konkurransesensitiv informasjon gjennom Bokbasen si abonnementsteneste Mentor Forlag. Informasjonsutveksling som omfattar framtidige prisar er i kjernen av kva som blir rekna for skadeleg for konkurransen, og kan føre til at forbrukarane må betale høgare prisar. Føretaka gav merknader til varselet i byrjinga av 2021 som grunnlag for det vidare arbeidet fram mot endeleg vedtak. Tilsynet understrekar at vurderingane i varselet er foreløpige, og at det ikkje er gjort endeleg vedtak i saka.

Bevissikring i helserelatert marknad

Konkurransetilsynet starta etterforsking og gjennomførte bevissikring hos aktørar i ein helserelatert marknad i mai 2021. Bakgrunnen for kontrollen var mistanke om at det har foregått utveksling av konkurransesensitiv informasjon mellom aktørane i strid med konkurranselova § 10. Tilsynet har teke beslag i relevant datamateriale som blir gjennomgått og analysert. Etterforskinga er pågåande.

Bevissikring i marknaden for flyttetenester

I september 2021 vart det gjennomført bevissikring mot aktørar i marknaden for flyttetenester. Kontrollen bygger på ein mistanke om at aktørane har utveksla konkurransesensitiv informasjon seg imellom, og Konkurransetilsynet har teke beslag i relevant materiale for å få bekrefta eller avkrefta mistanken om ulovleg samarbeid. Etterforskinga er pågåande.

Avslutta etterforsking mot aktørar i marknaden for sjøtransport

Konkurransetilsynet gjennomførte bevissikring mot aktørar i marknaden for sjøtransport i oktober 2020 på bakgrunn av ein mistanke om utveksling av konkurransesensitiv informasjon mellom aktørane. Det vart teke beslag i relevant datamateriale med formål å få stadfesta eller avkrefta mistanken om ulovleg prissamarbeid. Gjennomgangen av beslaglagd datamateriale gav ikkje grunnlag for å gå vidare med saka. Etterforskinga vart avslutta og saka lagt bort i februar 2021.

Avslutta etterforsking mot Orkla, Mondelez og Norgesgruppen

Saka starta med ei bevissikring i november 2019 og vart avslutta i juni 2021 utan vedtak. Bakgrunnen for bevissikringa var mellom anna funn Konkurransetilsynet gjorde i samband med kartlegging av innkjøpsvilkår i daglegvaremarknaden. Tilsynet avdekka til dels store skilnader i daglegvarekjeda sine innkjøpsprisar, og Norgesgruppen kom gjennomgåande betre ut enn konkurrentane Coop og Rema 1000.

Konkurransetilsynet sin mistanke var knytt til prisdiskriminering og brot på konkurranselova § 10 og/eller § 11. Tilsynet mistenkte at Norgesgruppen fekk betre innkjøpsvilkår frå dei to store leverandørane Orkla og Mondelez enn det dei konkurrerande kjedene fekk, og at dette potensielt kunne ha kortsiktige og/eller langsiktige negative verknader for konkurransen og forbrukarane.

Konkurransetilsynet har gjennomgått og vurdert omfattande mengde informasjon som vart henta inn i samband med etterforskinga. Tilsynet har mellom anna vurdert om det er snakk om ulike vilkår for likeverdige ytingar, om skilnadane avgrensar konkurransen, og om dette i så fall skuldast eit konkurranseavgrensande samarbeid eller eit misbruk av dominerande stilling. Etter grundige vurderingar har tilsynet ikkje funne grunnlag for å gå vidare med saka.

Vedtak om lovbrotsgebyr for ulovleg samarbeid og misbruk av dominans 2013-2021



Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med kartellavdekking/ulovleg samarbeid

INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå etterforskingstab, marknadsavdelingane og andre einingar
- Oppretthalden ressursbruk i prioriterte etterforskingssakar under Covid

AKTIVITETAR

- Gjennomført bevissikring i helserelatert marknad
- Gjennomført bevissikring i marknaden for flyttetenester
- Framleis arbeid med sak om mogleg konkurranseskadeleg informasjonsutveksling i bok-
- marknaden
- Framleis etterforsking i sak mot bransjeforeining
- Aktiv deltaking i internasjonale arbeidsgrupper om avdekking av kartell, metodar for etterforsking etc.
- Aktiv dialog med offentlege innkjøparar og aktørar i næringslivet, informasjon om lemping og tipsordning, synlegheit i media

PRODUKT/TENESTER

- Medhald i Høgsterett i Forlagssaken
- Medhald i Konkurranseklagenemnda i klagesak i alarmmarknaden
- Avslutta etterforsking mot aktørar i marknaden for sjøtransport
- Avslutta etterforsking mot Orkla, Mondelez og Norgesgruppen

BRUKAREFFEKTAR

- Tovegs anonym dialog gjennom tipskanal kan gje fleire tips om kartell
- Verksemd retta ut mot offentlege innkjøparar og næringslivsaktørar kan bidra til avdekking av ulovleg samarbeid mellom konkurrentar

SAMFUNNSEFFEKTAR

- Utveksling av informasjon om pris, marknadsdeling og andre former for ulovleg samarbeid går utover forbrukarane som må betale ein høgare pris enn om føretaka hadde konkurrert. Når ulovleg samarbeid blir stansa eller forhindra, vil fordelane av konkurranse komme forbrukarane til gode i form av meir innovasjon, lågare prisar og betre utval.

3.3 Misbruk av dominans

Telenor må betale 788 millionar for misbruk av dominerende stilling

Konkurransetilsynet gav Telenor i juni 2018 eit gebyr på 788 millionar kroner for å ha misbrukt den dominerande stillinga si i den norske mobilmarknaden, ved at dei bevisst la hindringar i vegen for utbygging av eit tredje mobilnett. Gebyret var på dette tidspunktet det største nokon sinne gitt av tilsynet. Tilsynet fekk i juni 2019 fullt medhald av Konkurranseklagenemnda, og to år seinare stadfesta Gulating Lagmannsrett vedtaket frå nemnda. Dette var første gongen eit vedtak frå Konkurranseklagenemnda har vorte vurdert av Gulating lagmannsrett. Telenor anka saka inn for Høgsterett. I desember 2021 avviste Høgsteretts ankeutval anken frå Telenor, og saka slapp ikkje inn til behandling. Saka er dermed avslutta, og Telenor har betalt gebyret.

Misbrukssak i ein digital plattformmarknad

I 2021 starta Konkurransetilsynet etterforsking av eit digitalt plattformselskap, Foodora. Saka vart avslutta med eit vedtak om avhjelpande tiltak i januar 2022. Tilsynet mistenkte at Foodora var dominerande og hadde brukt eksklusivavtaler med samarbeidande restaurantar, noko som kan vere eit brot på konkurranselova sitt forbod mot misbruk av dominans. Eksklusivavtaler mellom dominerande aktørar og deira kundar er avtaler som bind kunden til å kjøpe heile eller det meste av sitt behov frå den dominerande aktøren.

Dominerande selskap har eit særleg ansvar etter konkurranselova. Dei kan konkurrere hardt, men dersom dei inngår eksklusivavtaler kan dette føre til at mindre aktørar enten blir stengt ute frå marknaden, eller får redusert moglegheit til å konkurrere i marknaden. Slik redusering av konkurransen kan føre til høgare prisar, mindre utval og dårlegare kvalitet på produkta og tenestene for forbrukarane.
Ved dei avhjelpande tiltaka forpliktar Foodora seg til i tre år å ikkje ha eksklusivavtaler eller operere med ekskluderande praksis overfor restaurantar om bruk av Foodora sin matbestillingsplattform. Dermed kan andre matbestillingsplattformer lettare få innpass i marknaden.
Foodora driv ein digital plattform som kan nyttast av restaurantar til å selje ferdig laga mat til sluttkundar.

Misbruk av dominans

Konkurranselova § 11 forbyr dominerande føretak å misbruke si dominerande stilling.

Eit føretak har ei dominerande stilling om det er i stand til i betydelig grad å opptre uavhengig av sine konkurrentar, kundar og sluttbrukarar.

Eit dominerande føretak har eit særlig ansvar for å unngå at deira åtferd hemmar konkurransen.

Eksempel på misbruk av ei dominerande stilling kan vere underprising, lojalitetsrabattar, eksklusivavtalar, marginskvis, leveringsnekt eller urimelige forretningsvilkår.

Avhjelpande tiltak

Føretak som er under etterforsking kan fremme forslag om avhjelpande tiltak når som helst under etterforskinga.

Tiltaka kan gå ut på at eit føretak endrar åtferda si, eller at det gjerast strukturelle endringar i føretaket. Dei foreslåtte tiltaka må vere egna til å dempe dei konkurransemessige problema saka reiser.

Eit føretak som setter fram forslag om avhjelpande tiltak innrømmer ikkje skuld.

Vel Konkurransetilsynet å treffe vedtak om avhjelpande tiltak, blir det ikkje samtidig tatt stilling til om det føreligg eit brot på forbodsføresegnene i konkurranselova.

Eit vedtak om avhjelpande tiltak bind føretaket til å gjennomføre tiltaka.

Hanne Dahl Amundsen

Avdelingsdirektør bygg, industri og energi

"Digitale plattformmarknader er ofte prega av rask vekst, nettverkseffektar og stordriftsfordelar. I slike marknadar må utfordrarane oppnå ein viss storleik for å kunne konkurrere effektivt mot etablerte aktørar. Jo større dei etablerte aktørane blir, desto vanskelegare blir det for mindre aktørar å etablere seg. Gjennom å avslutte saka med eit vedtak om avhjelpande tiltak, har vi klart å løyse konkurransebekymringane raskt, noko som er særleg viktig i denne type marknader."

Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynets handheving av forbodet mot misbruk av dominans

INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingar og stabar
- Prioritering av saker etter ressursbruk og effektar

AKTIVITETAR

- Etterforskingssak i ein digital marknad
- Etterforskingssak knytt til prisdiskriminering i daglegvaremarknaden
- Vurdering av tips og klager om mogleg misbruk av dominans

PRODUKT/TENESTER

- Avslutta sak i ein digital marknad med avhjelpande tiltak
- Avslutta etterforskingssak mot Orkla, Mondelez og Norgesgruppen. Saka gjaldt både § 10 og § 11
- Lagmannsretten gav Konkurransetilsynet fullt medhald, og Høgsterett avviste anka til Telenor og gebyret i vedtaket på 788 millionar kroner er rettskraftig

BRUKAREFFEKTAR

- Marknadsaktørar med dominerande stilling etterlever konkurranselova og tilpassar praksis til regelverket. Andre aktørar kan konkurrere med det dominerande føretaket, og nye aktørar kan etablere seg i marknaden. Betre forståing for konsekvensane for forbrukarar av misbruk av dominans

SAMFUNNSEFFEKTAR

- Forbruker og andre aktørar har eit reelt val av leverandørar av varer og tenester

3.4 Fusjonskontroll

Gjennom strukturkontrollen og handsaming av § 16 i konkurranselova kan Konkurransetilsynet stanse fusjonar og oppkjøp som skader konkurransen. Om det er mogleg, kan vi tillate ein transaksjon på vilkår som held oppe konkurransen slik at forbrukarane ikkje blir skadelidande.

I 2021 tok Konkurransetilsynet imot 156 meldingar om fusjonar og oppkjøp. Av desse, vart 94 prosent avslutta innan 25 verkedagar. To føretakssamanslutningar vart det gripe inn mot.

Tal på mottatte meldingar om føretakssamanslåingar 2004-2021 (glidande gjennomsnitt)



Avslutning av fusjonssaker der Konkurransetilsynet har sendt varsel om mogleg inngrep 2012-2021



DNB-Sbanken

DNB melde i mai 2021 sitt oppkjøp av Sbanken til Konkurransetilsynet. Tilsynets fann at oppkjøpet vil svekke konkurransen i marknaden for distribusjon av aksjefond, og såleis gi dårlegare vilkår for kundane. Denne marknaden er i vekst, og er viktig for mange kundar sin personlege økonomi.

I marknaden for distribusjon av aksjefond er DNB den største aktøren. Sbanken er òg eit selskap med ein betydeleg storleik. I tillegg spelar Sbanken ei særleg viktig rolle gjennom å vere ein pådrivar for auka konkurranse i marknaden. Både DNB og Sbanken har hatt sterk vekst i denne marknaden dei siste åra og konkurransen mellom dei er viktig for å sikre gode vilkår for forbrukarar som sparar i aksjefond.

DNB foreslo avhjelpande tiltak, men tilsynet fann at tiltaka ikkje i tilstrekkeleg grad ville avhjelpe konkurranseproblema oppkjøpet ville føre til, og nekta i november oppkjøpet.

Tilsynet sitt vedtak vart klaga inn til Konkurranseklagenemnda i november, og nemnda har frist i mars 2022 med å treffe vedtak i saka.

Meldeplikt for fusjonar og oppkjøp

Næringsdrivande har etter konkurranselova § 18 plikt til å melde frå om føretakssamanslutningar om dei involverte føretaka til saman omset for over 1 milliard kroner i Noreg årleg. Det er likevel ikkje meldeplikt om berre eit av føretaka har over 100 millionar i årleg omsetning i Noreg.

Det er forbode å gjennomføre ein føretakssamanslutning før Konkurransetilsynet har fått melding og har ferdigbehandla saka.

Konkurransetilsynet har heimel til å pålegge meldeplikt for ein føretakssamanslutning under terskelverdiane, dersom tilsynet har rimeleg grunn til å anta at konkurransen vert påverka eller dersom andre særlege omsyn tilseier at tilsynet undersøker saka nærare.

Gebyr for brot på opplysningsplikta om føretakssamanslåingar

I 2021 fatta Konkurransetilsynet vedtak mot St1 Norge for brot på opplysningsplikta om føretakssamanslåingar og gav selskapet eit gebyr på 3 millionar kroner. Konkurranseklagenemnda gav Konkurransetilsynet fullt medhald og heldt oppe gebyret. Ankefristen er ikkje gått ut og saka er derfor ikkje rettskraftig avgjort.

Konkurranseklagenemnda var einig med Konkurransetilsynet i at leigeavtalen var omfatta av pålegget om opplysningsplikt for føretakssamanslåingar, og at St1 Norge ved inngåinga av avtalen skulle gitt opplysningar til Konkurransetilsynet i tråd med pålegget. Vedtaket understrekar at og langvarige leigeavtaler kan reknast som ei føretakssamanslutning og derfor være omfatta av fusjonsreglane. Vidare viser vedtaket at det er føretaket sitt ansvar å setje seg inn i innhaldet i opplysningsplikta.

Nordisk samarbeid knytt til føretakssamanslutning i marknadar for sal av brennevin: Altia-Arcus

Konkurransetilsynet fatta vedtak om inngrep mot føretakssamanslutninga mellom Altia Plc. og Arcus ASA i mai 2021. Vedtaket innebar at Altia Plc. og Arcus ASA forplikta seg til å selje enkelte merkevarer og tilhøyrande verksemd i marknadane for sal av vodka, akevitt og brennevinsetterlikningar under 22 prosent til Vinmonopolet før føretakssamanslutninga kunne gjennomførast.

Altia Plc. og Arcus ASA er to av dei største aktørane innanfor sal av ulike produktgrupper av brennevin i Norden, og ville etter føretakssamanslutninga blitt den største aktøren innanfor sal av akevitt, vodka og brennevinsetterlikningar under 22 prosent til Vinmonopolet. Det var i tillegg tilsynets vurdering at partane var kvarandre sine næraste konkurrentar i desse marknadene. Etter ei grundig vurdering kom tilsynet fram til at føretakssamanslutninga ville ført til redusert konkurranse og kunne ført til høgare prisar, dårlegare kvalitet eller redusert innovasjon i marknadane for sal av akevitt, vodka og brennevinsetterlikningar under 22 prosent til Vinmonopolet.

Saka vart også meldt til svenske og finske konkurransemyndigheiter. Som følgje av likskap mellom dei nordiske landa og marknadene som vart omfatta av føretakssamanslutninga vart det oppretta kontakt mellom Konkurransetilsynet, svenske og finske konkurransemyndigheiter i medhald av den nordiske samarbeidsavtalen i konkurransesaker. Samarbeidsavtalen gir konkurransemyndigheitene moglegheit til å dele informasjon og opnar dermed for ein ny og nordisk dimensjon i sakshandsaminga. Dette vart dermed den første saka som er blitt handsama ved aktiv bruk av den nordiske samarbeidsavtalen. Erfaringane frå samarbeidet har vore svært positive og utgjer gode fundament for framtidig samarbeid på tvers av dei nordiske landa.

Bonnier-Strawberry

Bonnier Books Holding AB ("Bonnier") melde 13. januar 2021 om kjøp av 70 prosent av aksjane i forlaget Strawberry Publishing AS ("Strawberry Publishing") til Konkurransetilsynet. Bonnier eigde frå før 50 prosent av forlaget Cappelen Damm – Noregs største forlag innan allmennlitteratur. Marknaden for sal av bøker innan allmennlitteratur var allereie før transaksjonen ein konsentrert marknad, og Konkurransetilsynet frykta at oppkjøpet ville kunne føre til redusert konkurranse i marknaden for sal av bøker innan allmennlitteratur frå forlag og marknaden for sal av bøker innan allmennlitteratur frå forlag til strøymetenester. På den bakgrunn varsla Konkurransetilsynet 3. mai 2021 at dei ville stanse oppkjøpet. Bonnier trakk i ettertid av varselet om inngrep, den opphavelege meldinga. Tilsynet vart så orientert om at Bonnier hadde inngått ny avtale om kjøp av aksjar i Strawberry Publishing. Avtala omhandla kjøp av 45 prosent av aksjane i selskapet. Dette kjøpet var i utgangspunktet ikkje meldepliktig ettersom det ikkje medførte ei endring av kontroll i Strawberry Publishing. Det var tale om eit såkalla minoritetserverv. Det er likevel mogleg for Konkurransetilsynet å gi påbod om meldeplikt også for transaksjonar som det ikkje i utgangspunktet er plikt å melde. Konkurransetilsynet gav 29. juni 2021 Bonnier eit slikt påbod om meldeplikt i forbindelse med kjøpet av 45 prosent av aksjane i Strawberry Publishing (vedtak V2021-10). Tilsynet sine bekymringar til den opphavelege meldinga gjorde seg framleis gjeldande ved minoritetservervet som følgje av Bonnier sitt eigarskap i Cappelen Damm. Bonnier selde etter kvart aksjane sine i Cappelen Damm.

Konkurransetilsynet sine bekymringar vart på den måten fjerna, og grunnlaget for å gje påbod om meldeplikt fell bort. Påbodet om meldeplikt vart oppheva (vedtak V2021-11), og Bonnier kunne gjennomføre kjøpet av Strawberry Publishing.

Schibsted-Nettbil

Konkurransetilsynet vedtok den 11. november 2020 å forby føretakssamanslutninga mellom Schibsted ASA og Nettbil AS. Schibsted vart pålagd å selje alle aksjane sine i Nettbil. Saka vart anka til Konkurranseklagenemnda, og den 27.mai 2021 stadfesta nemnda tilsynets vedtak.

Schibsted og Nettbil konkurrerer om å tilby ein digital marknadsplass til personar som ønsker å selje bruktbilen sin. Schibsted eig marknadsplassen Finn og tilbyr annonsetenester. Nettbil tilbyr ein digital marknadsplass med ei nettbasert auksjonsløysing for personar som ønsker å selje bruktbilen sin. Medan Finn sin marknadsplass er open både for personar og bilforhandlarar er Nettbil sin marknadsplass berre open for personar på seljarsida og bilforhandlarar på kjøparsida.

Konkurranseklagenemnda kom etter ei samla vurdering til at føretakssamanslutninga i betydeleg grad ville hindre effektiv konkurranse. Nemnda viste til at Finn er stor i den relevante marknaden og at Finn gjennom føretakssamanslutninga får insentiv til å auke sine kvalitetsjusterte prisar. Konkurransetilsynet viste i sitt vedtak at føretakssamanslutninga og kunne gi reduserte insentiv til innovasjon, men nemnda gjekk ikkje inn på denne skadehypotesen sidan dei meinte insentiva til prisauking var nok for å vise betydeleg konkurranseskade. Nemnda kom og til at Nettbil ville vekse vidare, noko som sannsynlegvis ville føra til auka konkurranseskade, men denne veksten var etter nemndas syn heller ikkje nødvendig for å vise betydeleg konkurranseskade.

Schibsted ASA har teke ut søksmål for Gulating Lagmannsrett, og saka vart behandla i lagmannsretten i februar 2022. Dom i saka føreligg ikkje.

Resultatkjede fusjonskontroll

INNSATSFAKTORAR

- Alle marknadsavdelingane arbeider med fusjonskontroll
- Juridisk og økonomisk stab gir støtte i prioriterte saker, med informasjonspålegg, marknadsundersøkingar med meir
- Prioritering av saker etter ressursbruk og marknadseffektar

AKTIVITETAR

- Konkurransetilsynet tok imot 156 meldingar om fusjonar og oppkjøp
- Avslutta 94 meldingar om føretakssamanslutningar innan 25 verkedagar
- Pålagt og følgt opp opplysningsplikt i konsentrerte marknader
- Marknadsovervaking for å vurdere behov for pålegg av meldeplikt eller opplysningsplikt, og pålagt meldeplikt der nødvendig

PRODUKT/TENESTER

- Føretakssamanslutninga mellom Altia Plc. og Arcus ASA godkjend på vilkår
- Konkurransetilsynet varsla inngrep i Bonniers oppkjøp av Strawberry Publishing. Bonnier trakk i ettertid av varselet om inngrep, den opphavelege meldinga
- Gebyr for brot på opplysningsplikta om føretakssamanslåingar på 3 millionar kroner
- Tilsynets fann at DNB sitt oppkjøp av Sbanken ville svekke konkurransen i bankmarknaden, og vedtok å forby transaksjonen. Avgjersla er påklaga til Konkurranseklagenemnda
- Konkurranseklagenemnda gav medhald i Konkurransetilsynets vedtak om å forby føretakssamanslutninga mellom Schibsted ASA og Nettbil AS. Saka er til behandling i Gulating lagmannsrett

BRUKAREFFEKTAR

- Føretaka etterlever meldeplikt og opplysningsplikt
- Føretaka skrinlegg planar om konkurranseskadelege fusjonar og oppkjøp
- Ordning med forenkla melding og dei raske avklaringane til tilsynet der det er mogleg gjer at næringslivsaktørar kan gjennomføre fusjonar og oppkjøp som ikkje skadar konkurransen raskare

SAMFUNNSEFFEKTAR

- Konsentrasjonsaukar som ville ha ført til dårleg konkurranse blir førebygde
- Forbrukarar hadde merka konkurranseavgrensing i marknadene i form av høgare prisar, dårlegare utval og mindre innovasjon

3.5 Daglegvaremarknaden

Daglegvaremarknaden har lenge vore ein marknad Konkurransetilsynet har prioritert høgt. Sidan 2019 har tilsynet også motteke øyremerka midlar for å styrke satsinga på denne marknaden. I 2021 vedtok Stortinget at denne satsinga skal gjerast permanent.

Det er mange ulike faktorar som kan ha innverknad på konkurransen i daglegvaremarknaden. Konkurransen mellom aktørane som sel daglegvarer til forbrukarane er sjølvsagt viktig, både korleis dei etablerte kjedene konkurrerer om kundar, men også tilhøva for at nye aktørar kan etablere seg i marknaden. Ein annan sentral tematikk er relasjonen mellom daglegvarekjedene og leverandørindustrien som møtast til årlege forhandlingar om innkjøpsvilkår. Kva produkt som finn vegen til hyllene, og til kva vilkår, betyr mykje for kva forbrukarane endar opp med å kunne velje mellom. Daglegvaresatsinga i Konkurransetilsynet har ein ambisjon om å ha ei heilskapleg tilnærming til marknaden gjennom å arbeide aktivt med ulike typar problemstillingar i ulike delar av verdikjeda. I det følgjande omtalast nokre av dei viktigaste aktivitetane i 2021.

Mogleg samarbeid mellom daglegvarekjedene

I Konkurransetilsynet si pågåande etterforskingssak om mogleg brot på konkurranselova § 10 vart det i desember 2020 varsla til saman 21 milliardar kroner i gebyr til Coop Norge SA, Norgesgruppen ASA og Rema 1000 AS. Tilsynet sine foreløpige vurderingar er at daglegvarekjedene har samarbeida på ein måte som kan ha ført til høgare daglegvareprisar for norske forbrukarar. Samarbeidet gjeld daglegvarekjedenes prisjegerverksemd og går ut på ein mistanke om at daglegvarekjedene opptredde i strid med forbodet mot konkurransehemmande samarbeid gjennom å gje kvarande tilgang til strategisk marknadsinformasjon.

Konkurransetilsynet har fortsett arbeidet med etterforskinga i 2021.

Konkurransetilsynet fekk daglegvarekjedene sine tilsvar i slutten av februar 2022.

Beate Milford Berrefjord
Fungerande avdelingsdirektør mat, handel og helse

"Tilsynet vil etter at tilsvara er mottekne sette seg grundig inn i partane sine syn på saka, og deretter fatte si avgjerd. Utfallet av saka vil kunne ha stor betydning for konkurransen i daglegvaremarknaden og saka har derfor høgste prioritet i tilsynet."

Opplysningsplikt

Konkurransetilsynet har pålagt daglegvarekjedene opplysningsplikt for føretakssamanslutningar i daglegvaremarknaden. Bakgrunnen for opplysningsplikta er at tilsynet skal kunne følgje med på utviklinga i marknaden og eventuelt pålegge melding for transaksjonar som er under tersklane for meldeplikt.

Opplysningsplikta er viktig for ein tilstrekkeleg effektiv strukturkontroll i daglegvaremarknaden. I 2021 vurderte Konkurransetilsynet 13 opplysningspliktsaker i daglegvaremarknaden. Tilsynet har i 2021 vurdert behovet for å utvide omfanget av opplysningsplikta til kjedene. Bakgrunnen for dette er at tilsynet er bekymra for at plikta, slik den lyder i dag, ikkje i tilstrekkeleg grad fangar opp utviklinga i marknaden. I så fall kan konkurranseskadelege transaksjonar finne stad utan at tilsynet har høve til å gripe inn. Resultatet av dette arbeidet skal etter planen vere ferdig i mars 2022.

Opplysningsplikt

Konkurransetilsynet kan etter konkurranselova § 24, pålegge aktørar opplysningsplikt ved fusjonar og oppkjøp i marknader der konkurransen er svak og/eller marknaden konsentrert.

Bakgrunnen for opplysningsplikta er at i enkelte marknader kan òg oppkjøp av mindre aktørar påverke konkurransesituasjonen negativt og føre til høgare prisar og dårlegare tilbod til forbrukarane.

Opplysningsplikta inneber at aktørane må gi opplysningar om alle føretakssamanslåingar sjølv om dei er under terskelen for meldeplikt.

Opplysningsplikta er tidfesta for ein periode på 2 år.

Pådrivararbeid

I tillegg til å handheve konkurranselova, skal Konkurransetilsynet vere ein pådrivar for betre konkurranse. Ein type pådrivararbeid er kartlegging av aktuelle problemstillingar i marknaden. Kartleggingar kan resultere i handhevingssaker om moglege brot på konkurranselova, men kan og gi grunnlag til å foreslå tiltak eller reguleringar som kan styrke konkurransen. Ein annan type pådrivararbeid er det å synleggjere arbeidet til Konkurransetilsynet eksternt, og på den måten gjere aktørane i marknaden meir merksame på konkurransereglane. Synleggjering kan til dømes vere i form av kontakt med aktørar i bransjen eller bidrag til den offentlege debatten. Daglegvaresatsinga i tilsynet prioriterer pådrivararbeid høgt. Nokre konkrete pådrivarprosjekt i 2021 er lista opp i det følgjande.

Forskjellar i innkjøpsprisar

Sidan 2018 har Konkurransetilsynet samla inn detaljert informasjon om kva dei tre største daglegvarekjedene betalar for varene frå ei rekke av dei største leverandørane i marknaden. Denne årlege kartlegginga vil halde fram dei komande åra, i tråd med tiltaka frå stortingsmeldinga om konkurransen i daglegvaremarknaden og tildelingsbrev 2021.

I tillegg til å kartlegge forskjellar i innkjøpsprisar, starta tilsynet hausten 2021 eit tilhøyrande arbeid med å undersøke årsakene til dei forskjellane i innkjøpsprisar som vi observerer. I dette arbeidet har Konkurransetilsynet bede leverandørane om å forklare og dokumentere årsakene til eventuelle forskjellar i innkjøpsprisar. Dei aktuelle leverandørane har levert skriftlege forklaringar, og tilsynet vil følgje opp desse svara i møter. Dette arbeidet vil fortsette inn i 2022.

Dersom det på bakgrunn av informasjonen frå arbeidet ovanfor er rimeleg grunn til å tru at det ligg føre brot på konkurranselova, kan tilsynet i framtida kunne opne nye etterforskingssaker og gjennomføre bevissikringar hos aktørane.

Konkurransefremmande arbeid knytt til tilgang på butikklokale

Tilgang på eigna og attraktive butikklokale har ved fleire høve vore løfta fram som ei mogleg etableringshindring for nye aktørar i daglegvaremarknaden.

Hausten 2020 starta Konkurransetilsynet med undersøkingar rundt denne problemstillinga, og arbeidet har fortsett gjennom heile 2021. Som eit ledd i denne undersøkinga har tilsynet henta inn informasjon om servituttar som kan vere til hinder for at eigedomar tas i bruk til daglegvarehandel. I tråd med Tildelingsbrev 2022 vil arbeidet vere eit prioritert område også i 2022. Formålet med undersøkinga er mellom anna å undersøke i kva grad tilgang på butikklokale utgjer ei faktisk etablerings- eller ekspansjonshindring i marknaden. Dersom undersøkinga til tilsynet viser at det er behov, vil tilsynet vurdere kva tiltak som bøter problemet.

Kartlegging av verdikjeda for frukt og grønt

Konkurransetilsynet starta i 2020 ei kartlegging av verdikjeda for frukt og grønt i daglegvaremarknaden. Formålet med kartlegginga var å auke kunnskapen til tilsynet om varegruppa, samt iverksette tiltak dersom kartlegginga avdekka behov for det. Både offentleg tilgjengeleg informasjon og opplysingar frå sentrale aktørar i bransjen har blitt nytta i kartlegginga.

Prosjektet vart avslutta våren 2021. Kartlegginga har gitt viktig kunnskap om verdikjeda og varegruppa, og tilsynet ser per no ikkje behov for særlege tiltak innanfor denne delen av marknaden. Konkurransetilsynet vil likevel følge utviklinga i denne varegruppa vidare saman med resten av daglegvaremarknaden.

Daglegvarehandel på internett

Konkurransetilsynet følger tett med på utviklinga av daglegvarehandel på nett. Med framveksten av netthandel av daglegvarer kan nye og innovative aktørar vekse fram og gi nye tenester til forbrukarane. For at nettaktørar skal kunne etablere seg og konkurrere også mot dei fysiske daglegvarebutikkane, er det mellom anna viktig at ulike rammevilkår ikkje er til hinder for dette. Konkurransetilsynet har i 2021 arbeida aktivt med denne problematikken.

Sigurd Birkeland

Leiar i Daglegvareprosjektet

"Vi jobbar for å legge til rette for konkurranse i alle ledd i verdikjeda for daglegvarer – både mellom leverandørane og mellom daglegvarekjedene. Dette gjer vi gjennom handheving av konkurranselova og gjennom å finne effektive tiltak for å redusere etableringshindringar i heile verdikjeda."

Landbruksmarknaden

Landbruksmarknadane har ei klar side til konkurransen i daglegvaremarknaden og er marknader Konkurransetilsynet følgjer tett. I 2021 har tilsynet hatt møter med fleire aktørar i ulike landbruksmarknader. Eit sentralt tema på fleire av møta har vore utviklinga av konkurransen i meierimarknadene og dei konkurransefremmande tilskota som gjeld i næringa.

Konkurransetilsynet sin dialog med landbruksaktørar og landbruksmyndighetar om konkurransesituasjonen i marknaden fortsett i 2022.

Resultatkjede for Konkurransetilsynet sitt arbeid i daglegvaremarknaden

INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå Prosjekt Dagligvare, Marknadsavdeling for mat, handel og helse og andre einingar
- Prioritering av ressursar til daglegvaremarknaden

AKTIVITETAR

- Generell marknadsovervaking
- Avslutta sak om prisdiskriminering
- Etterforskar sak om ulovleg samarbeid i sak der milliardgebyr er varsla
- Kartlegging av verdikjeda for frukt og grønt
- Undersøker om det finnast åtferd som hindrar konkurrentars etablering av daglegvareverksemd i attraktive butikklokale
- Undersøker om opplysningsplikta skal utvidast
- Vurderingar av fusjonsmeldingar og kontroll av om opplysnings- og meldeplikt etterlevast
- Kartlegging av forskjellar i innkjøpsprisar mellom daglegvarekjedene frå 12 av dei største leverandørane i Noreg
- 8 store leverandørar har gitt forklaringar på deira forskjellar i innkjøpsprisar
- Kontakt med andre nordiske konkurransetilsyn om daglegvaremarknaden
- Jamleg kontakt med Forbrukerrådet og Dagligvaretilsynet
- Bistand til oppfølging av Daglegvaremeldinga
- Tett oppfølging av landbruksmarknader
- Deltaking på bransjekonferansar som NHH Food og DLF sitt haustmøte

PRODUKT/TENESTER

- Fleire kronikkar og innlegg om konkurransen i daglegvaremarknaden og i leverandør-marknadene
- Avslutta etterforskingssak mot Orkla, Mondelez og Norgesgruppen.
- Utkast til rettleiar om prisdiskriminering

BRUKAREFFEKTAR

- Aktørar i daglegvaremarknaden etterlever konkurranselova
- Stortingsmelding (Daglegvaremeldinga) med forslag til tiltak som fremjar konkurransen
- Marknadsovervaking disiplinerer aktørane i marknaden

SAMFUNNSEFFEKTAR

- Betre konkurranse i daglegvaremarknaden kjem forbrukarane til gode ved lågare prisar, meir innovasjon og betre utval.

3.6 Konkurranse i ein digital økonomi

Kunnskapsoppbygging i digitale marknader

Konkurransen i digitale marknader har vore eit viktig fokusområde for norske og internasjonale konkurransemyndigheiter. Digitale marknader er prega av store aktørar som har verksemd i mange land. Konkurransetilsynet følgjer dermed med på handhevings- og regelverksarbeidet som skjer internasjonalt, særleg i Europa. Tilsynet følgjer med på utviklinga av Digital Markets Act (DMA), som kjem til å pålegge åtferdsreglar for aktørar som blir rekna som portvaktarar. Dette skal bidra til å betre konkurransen i digitale marknader. Tilsynet deltek i European Competition Network (ECN), der konkurransetilsyn i Europa deler kompetanse om handheving av konkurransereglar i digitale marknader.

Konkurransetilsynet deltek òg i eit tilsynsnettverk saman med Forbrukertilsynet og Datatilsynet. Gjennom dette nettverket utvekslar dei ulike tilsyna erfaringar knytt til digitale marknader. Dette er nyttig, då Konkurranse-, Forbruker- og Datatilsynet har tilgrensande, og potensielt overlappande, ansvarsområde.

Konkurransetilsynet har gjort ei vurdering av i kva grad det er aktørar i digitale marknader som bør påleggast opplysningsplikt om oppkjøp under terskelverdiane. Det er ei bekymring for at store plattformaktørar gjer såkalla eliminerande oppkjøp, der små faktiske eller potensielle konkurrentar blir kjøpt opp før dei er store nok til å oppfylla terskelverdiane for meldeplikt. Tilsynet fant at Schibsted bør påleggast opplysningsplikt for oppkjøp der Schibsted kjøper føretak som tilbyr eller har planar om å tilby nettbaserte marknadsplassar med verksemd retta mot brukarar i Noreg innan Finn-kategoriane torget, eiendom, bil og næring, jobb, båt, bilabonnement og MC. Pålegget om opplysningsplikt vart sendt i januar 2022.

Konkurransetilsynet har vidare fokus på kompetanseheving innan digitale marknader. I 2021 publiserte tilsynet ein rapport om resultata av ei marknadsundersøking om i kva grad og korleis norske bedrifter brukar algoritmar. Undersøkinga viste at 55 prosent av dei undersøkte bedriftene brukte overvakingsalgoritmar og at 20 prosent brukte prisingsalgoritmar. Bruk av overvakings- og/eller prisingsalgoritmar kan vere bra for konkurransen, men det er òg enkelte tilfelle der algoritmebruk kan føra til konkurransebekymringar i ein marknad. I rapporten oppfordra tilsynet føretak som bruker og utviklar slike algoritmar om å vere merksam på at algoritmebruk kan skade konkurransen, føre til høgare prisar til forbrukarane og vere i strid med konkurranselova.

Gjermund Nese

Avdelingsdirektør finans og kommunikasjon

"Digitaliseringa av samfunnet skapar både moglegheiter og utfordringar. For Konkurransetilsynet er det viktig å handheva konkurranselova på ein effektiv måte for å sikra at den aukande digitaliseringa av stadig fleire marknader ikkje reduserer konkurransen. Dette gjer vi mellom anna gjennom ein aktiv fusjonskontroll og eit fokus på at digitale hjelpemiddel, som til dømes algoritmar, ikkje blir brukt på ein måte som er til skade for konkurransen."

Data og analyseplattformer
I 2021 tilsette vi to spesialistar med særleg kompetanse på informasjonsuthenting, automatisering og utnytting av maskinlæringsmodellar. Dataspesialistane vil vidareutvikle Konkurransetilsynet si operative evne til å effektivt nyttiggjere seg data frå digitale marknader, der data typisk er maskingenerert og kjenneteikna ved relativt mykje dynamikk og store volum. Dette arbeidet omfattar automatisering og standardisering av innhenting og tilverking av data, i tillegg til å bidra til eit best mogleg analyseapparat med tilgjengelege metodar frå både statistikk og maskinlæring.

3.7 Pådrivar for konkurranse

Konkurransetilsynet har som eit strategisk mål å vere synleg. Synlegheit er eit av fleire verkemiddel for å fremje konkurranse, hindre konkurranseskadeleg åtferd og synleggjere fordelane med velfungerande konkurranse. Eit konkret mål har vore å auke næringslivet sin kjennskap til og kunnskap om konkurranselova og Konkurransetilsynet sitt arbeid. Ei spørjeundersøking blant bedriftsleiarar viser at kjennskapen til og kunnskapen om konkurransetilsynet sitt arbeid og konkurranselova har auka vesentleg dei seinaste fem åra.

Kommunikasjonsarbeidet i Konkurransetilsynet er basert på kommunikasjonspolitikken til staten. I tildelingsbrevet frå Nærings- og fiskeridepartementet står det mellom anna at tilsynet skal vere synleg i norsk offentlegheit på ulike måtar.

Nettsida konkurransetilsynet.no er den viktigaste kanalen for kommunikasjon frå Konkurransetilsynet. I tillegg er tilsynet synleg i offentlegheita gjennom redaksjonell omtale i media, kronikkar, høyringsfråsegn, rapportar, fagartiklar, foredrag, webinar, sosiale medium og podkast.

Konkurransetilsynet var i 2021 omtala i 4592 nyheitssaker i norske medium. Det var særskilt sakene som gjaldt DnB sitt oppkjøp av Sbanken, Bonnier sitt oppkjøp av Strawberry og ikkje minst avsluttinga av etterforskingssaka mot Orkla, Mondelez og Norgesgruppen som fekk størst merksemd. Vi ser at merksemd i media om våre einskilde saker gir merksemd til konkurranseskadeleg åtferd generelt. I månader med mykje medieoppslag, får vi normalt inn mange tips.

I 2021 vart 16 kronikkar skrive av tilsynet sine medarbeidarar, publiserte i norske aviser. Nokre av kronikkane vart òg publisert i aktuelle bransjeblad. Nyheitsvarsel er eit tilbod vi gir til interessentar slik at dei raskt kan få med seg nyheiter frå Konkurransetilsynet. Til no har 983 meldt seg på tenesta.

Tilsynet er på Facebook, LinkedIn og Twitter. Her bygger vi sakte men sikkert opp ein viktig følgjarskare blant våre målgrupper, der målet er å auke kjennskapen til konkurranselova. Tilsynet er i gang med å risikovurdere bruken av Facebook i lys av Datatilsynet sin risikovurdering. Risikovurderinga vil vere klar i løpet av første halvdel av 2022.

Ein annan kanal for å auke kjennskap til og kunnskap om konkurranselova er gjennom foredrag og webinar. Her ønskjer vi framover å gjere meir for å nå målgruppa leiarar for små og mellomstore føretak.

Konkurransepodden er eit forhaldsvis nytt tilskot til kanalmiksen som tilsynet brukar i sin kommunikasjon. I 2021 vart det laga 6 episodar om aktuelle konkurransefaglege tema. Fleire av episodane som er laga er lasta ned over 500 gonger.

Rettleiing

Konkurransetilsynet er opptekne av å gi rettleiing til ulike aktørar som tek kontakt, og tilsynet rettleier på ein rekkje ulike måtar. Tilsynet har til dømes omfattande informasjon om konkurranselova på sine heimesider, og tilsynet rettleiar omkring generelle spørsmål pr. telefon. Vidare held tilsynet føredrag eller innlegg på ulike kurs og konferansar, til dømes om ein bransjeorganisasjon inviterer tilsynet til å snakke om konkurranselova, kva som er tilsynet sine oppgåver osv. Ved nokre tilfelle vil det vere aktuelt å gi skriftleg rettleiing, dette vil som regel vere mest aktuelt for konkrete tema som gjeld generelt på tvers av ulike marknader. Til dømes har tilsynet blant anna nyleg laga eit utkast til rettleiar om prisdiskriminering, som har vore på høyring. Denne vil bli ferdig i 2022. Tilsynet kan ikkje rettleie i konkrete saker, men kan gi generell informasjon om reglar og om tidlegare praksis. I tillegg inneheld tilsynet sine vedtak omfattande rettslege og økonomiske vurderingar som kan overførast til andre saker og problemstillingar. Konkurransetilsynets medarbeidarar skriv dessutan kronikkar om aktuelle tema innanfor konkurranselovgivinga, noko som óg kan gi rettleiing om aktuelle tema.

Margrethe Myrmehl Gudbrandsen
Kommunikasjonsdirektør

"Gjennom undersøkingar ser vi at vi er nøydt til å kommunisere og vere synlege på mange ulike flater og måtar for å nå leiarar for små, mellomstore og store verksemder. Dialog med til dømes bransjeorganisasjonar og bransjeblader er nyttig for å nå leiarar for mindre verksemder for å auke deira kjennskap til og kunnskap om konkurranselova."

Pådrivar for eit rammeverk for konkurranse

Auka merksemd om konkurranse som verkemiddel for effektiv ressursbruk kan bidra til utvikling av betre løysingar, mellom anna endringar i reguleringar som opnar for auka konkurranse.

Konkurransetilsynet skal i høyringsfråsegner, gjennom påpeikingar og ved andre verkemiddel bidra til at offentlege reguleringar fremmar konkurranse til fordel for forbrukarane og næringslivet. Tilsynet kan foreslå tiltak som kan bøte på reguleringane. I 2020 sendte tilsynet ut 6 høyringsfråsegner. Tema som tilsynet har kommentert i kronikkar, høyringar og påpeikingar omfattar mange problemstillingar og marknader. Nokre døme er prissignalisering i bankmarknaden, verknader av at det blir lagt til rette for digitalisering i drosjemarknaden, uheldige konkurransemessige sider ved styreplass hos konkurrentar, og behovet for reformer i apotekbransjen.

Pådrivararbeidet i daglegvaremarknaden og digitale marknader har vore nærare omtalt i dei respektive delane av årsrapporten.

Tilsynet lanserte i 2021 ein tipsfunksjon kor næringsdrivande og andre kan tipse oss om reguleringar som blir oppfatta som konkurransehemmande. I 2021 fekk vi 28 tips som vart vurdert for oppfølging. Desse tipsa er eit verdifullt bidrag til at Konkurransetilsynet kan vareta oppgåvene sine etter konkurranselova §9e. Det er skipa ei intern tipsgruppe med deltakarar frå dei tre marknadsavdelingane som vurderer oppfølging av mottatte tips.

Nedanfor følgjer døme på påverkingsarbeid i 2021.

Apotekmarknaden

Saman med svenske, danske, finske og islandske konkurransemyndigheiter publiserte Konkurransetilsynet ein felles rapport om nettapotek i april 2021, "Online pharmacy markets in the Nordics". I rapporten blir netthandelsmarknaden beskrive i dei fem ulike landa og i tillegg peikast det på utfordringar i marknaden. Mellom anna peikast det på at reguleringane er basert på ein marknad med fysiske apotek og at dette kan hindre utviklinga av nettapotek.



I september 2021 vart Apotekutvalet oppnemnd av Regjeringa, kor Konkurransetilsynet er medlem. Utvalet skal mellom anna utreie korleis apotekverksemda ved fysiske apotek, nettapotek og nye apotekløysingar bør regulerast. I mandatet er det lagt vekt på at konkurransen i marknaden skal vurderast. Konkurransetilsynet har hatt ei aktiv rolle med høyringsfråsegn og kronikkar ved relevante problemstillingar i marknaden.

Utleige av elsparkesyklar

Problem knytt til utleige av elsparkesyklar har dei siste åra skapt debatt, og kommunar har gjort ulike forsøk på å regulere marknaden. Konkurransetilsynet har gjennom kronikk og utsegner i media vore synlege i debatten. Gjennom dialog med Oslo, Bergen og Trondheim kommune, har tilsynet gitt innspel på korleis kommunane best kan legge til rette for konkurranse i marknaden. Konkurransetilsynet har òg sendt høyringsfråsegner i samband med forslaga til forskrift i Oslo kommune og i Bergen kommune. I høyringsfråsegnene har tilsynet vore positive til forslaga om ei løyveordning, men óg vore klare på at det bør vere ein dynamikk i marknaden for å halde oppe insentiv til innovasjon.

Resultatkjede pådrivar

INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå kommunikasjonsstab, stab for eksterne relasjonar og marknadsavdelingane
- Medieovervaking

AKTIVITETAR

- 64 nyheiter på konkurransetilsynet.no
- Temasider for aktuelle marknader på konkurransetilsynet.no
- 4592 nyheitsoppslag
- 16 kronikkar
- Nyheitsvarsel
- Kvalitativ undersøking hos små og mellomstore føretak
- Kvantitativ undersøking hos leiarar av små, mellomstore og store føretak
- 161 postar på Facebook, 110 postar på LinkedIn og 131 postar på Twitter
- 26 foredrag/webinar
- 6 podkastepisodar
- 6 høyringsfråsegn
- 2 rapportar

PRODUKT/TENESTER

- Auka synlegheit

BRUKAREFFEKTAR

- Auka kjennskap til Konkurransetilsynets arbeid og konkurranselova
- Fleire føretaksleiarar gir aktive tiltak for å syte for at verksemda følger konkurranselova

SAMFUNNSEFFEKTAR

- Velfungerande marknader som gir lågare priser, betre utval og kvalitet, og større grad av innovasjon

3.8 Marknadsovervaking i krisetid

Covid-19 har skapt ei krise i næringslivet. Likevel er det slik at sjølv i krisetid, og kanskje spesielt i krisetid, er det viktig å halde fast ved at konkurransereglane består. Konkurranse bidrar til innovasjon og ein raskare veg gjennom krisa. Dette er hovudbodskapen frå alle EU- og EØS-land. Det er opna for midlertidige unntak frå konkurranselova §10 om konkurransehemmande avtaler i enkelte næringar, og luftfarten i Noreg hadde dette unntaket i 2020. I 2021 har det ikkje vore denne typen unntak, og konkurransereglane ligg fast.

I 2021 har Konkurransetilsynet sett nærare på prisutviklinga innan tømmer/trelast utan at tilsynet har funne grunnlag for handhevingstiltak. Det har i 2021 ikkje vore gjennomført bevissikring knytt til observert prisutvikling i marknader som har vore særleg påverka av pandemien.

Konkurransetilsynet overvaker utviklinga i fleire marknader. Tilsynet har sidan 2011 samla inn data på dei 12 største flyrutene i Noreg frå SAS og Norwegian, og har i 2021 óg inkludert Wizz Air (som opererte i første halvdel av 2021), og Flyr, som starta opp flygingar i andre halvdel av 2021, i denne overvakinga. Tilsynet har gjennom pandemien oppfordra til varsemd i samanheng med krisepakker, og vist til at det er potensial for konkurranse på dei store flyrutene i Noreg óg etter pandemien.

Etableringa av eit nytt, norsk flyselskap midt i pandemien gir grunnlag for å tru at dette framleis er tilfellet.

Konkurransetilsynet har i tillegg vore aktiv pådrivar i ei rekke marknader i året som har gått. Drivstoffmarknaden er ein marknad Konkurransetilsynet følgjer nøye. Hausten 2020 fatta tilsynet eit vedtak om avhjelpande tiltak mot Circle K og YX, kor kjedene forplikta seg til å slutte å publisere vegleiande priser på sine nettsider. Konsekvensane av dette har vore at det har blitt vanskelegare for aktørane å samkøyre sine priser, og tilsynet si marknadsovervaking viser at det no er mindre føreseieleg kva for dagar, når på dagen, og til kva for eit nivå konkurrentane har tenkt å auke prisane.[5] Det synes også ut som at aktørane bruker noko lengre tid til å tilpasse seg prisendringane. Dette betyr at årvakne bensinkundar kan gjera eit godt kjøp.[6]

Konkurransetilsynet har fokusert på prissignalisering også i andre marknadar. I bankmarknaden har vi åtvara bankane mot å kommunisere overfor konkurrentane om dei vil sette opp sine renter på bustadlån i forbindelse med Noregs Bank sine endringar i styringsrenta.[7] Vår bekymring er at slik kommunikasjon kan gi kundane eit dårlegare og dyrare banktilbod. Informasjonen om endringar i rentene på bustadlån er ofte ikkje til nytte for låntakarane, mellom anna fordi verken tidspunkt eller renteendring er bindande for bankane. Konkurranse verkar når føretaka på sjølvstendig grunnlag vel korleis dei skal prise sine varer og tenester, og dersom bankane får informasjon om kva andre bankar tenker å gjere før ein sjølv vel si avgjerd om rentene på bustadlån, fell ein viktig føresetnad for effektiv konkurranse bort.

Vi har óg i media observert utsegn i ei rekke bransjar, blant anna i samband med presentasjonar av kvartalsrapportar, som kan ligge nært opp til signalisering som kan vere ugunstig for konkurransen.

Jan Yngve Sand
Sjefsøkonom

" Konkurranse bidrar til innovasjon og ein raskare veg gjennom krisa, og det er derfor viktig å halde fast ved at konkurransereglane består sjølv i krisetid."

[5] Endringer i drivstoffmarkedet - Prisbevisste kunder kan spare penger og bidra til bedre konkurranse - Konkurransetilsynet
[6] Konkurransepodden: Hvorfor er drivstoffprisene så høye nå? - Konkurransetilsynet
[7] Kronikk: Ikke røp fremtidig boliglånsrente - Konkurransetilsynet

3.9 Internasjonalt arbeid

Konkurransetilsynet deltek aktivt i ei rekke internasjonale forum. Deltaking i nokon av desse nettverka følgjer direkte av oppgåvene våre. Dette gjeld deltaking i Konkurransekomiteen i OECD og deltaking i det Europeiske konkurransenettverket ECN. I tillegg til desse nettverka har deltaking i det nordiske samarbeidet og det internasjonale nettverket stått sentralt, ikkje minst for å utveksle erfaringar som gjer at vi kan oppfylle oppgåvene våre etter konkurranselova effektivt og i tråd med forventningane i samfunnet.

Det følgjer av Tildelingsbrevet for 2021 at Konkurransetilsynet skal vareta norske interesser i arbeidet med regelverkssaker og enkeltsaker i EØS. Ein viktig del av å vareta denne oppgåva er å delta aktivt i formelle og uformelle forum som EØS-samarbeidet gir tilgang til, som det europeiske nettverket av konkurransemyndigheiter (ECN – European Competition Network). I tillegg til forumet for generaldirektørar og plenumsmøtet, som begge blir arrangert to gangar i året, består nettverket av arbeid og møter i 10 arbeidsgrupper og 8 sektorgrupper. I 2021 vart alle møta i ECN gjennomført digitalt. Konkurransetilsynet følgjer arbeidet i alle desse gruppene tett.

Konkurransetilsynet har orientert departementet om regelverksinitiativ og -saker under utvikling i ECN-nettverket etter vanleg praksis. Arbeidet med utforminga av Digital Service Act og Digital Markets Act er blant dei regelverksinitiativa som det har vore særleg viktig å følgje og rapportere på.

I tillegg til å føre tilsyn med konkurranseforholda og handheve den norske konkurranselova, har Konkurransetilsynet óg ansvar for å handheve EØS-avtalens konkurransereglar. Dette føreset tett kontakt med Efta sitt overvakingsorgan ESA. I tillegg til dei formelle sidene ved handhevinga, etablerte vi i 2021 i samarbeid med ESA og dei andre Efta-landa Island og Liechtenstein *Efta Competition Network*. Dette er eit nettverk som opererer på tre nivå, med seminar som har som føremon å auke kunnskap om handheving av EØS-avtalens konkurransereglar, eit nivå der tema av meir teknisk art kan diskuterast, og til slutt eit nivå der meir policy-relaterte tema kan drøftast på leiarnivå. I 2021 vart det arrangert 5 møter på ulike handhevingsrelaterte tema. Det første møtet på leiarnivå vil vere i 2022.

Konkurransetilsynet representerer Noreg i OECDs Konkurransekomité. Komiteen heldt møta sine digitalt i juni og november/desember. Konkurransetilsynet hadde sendt skriftlege bidrag til rundeborddiskusjonen om forholdet mellom regulering og konkurranse. I tillegg var konkurransedirektøren ein av innleiarane i høyringa om konkurranse i marknaden for bøker og e-bøker. Konkurransetilsynets skriftlege bidrag til OECD er tilgjengeleg på nettsida til tilsynet.

Det nordiske samarbeidet på konkurranseområdet har utvikla seg gradvis frå det vart etablert i 1959, til no å omfatte handhevingssamarbeid i konkrete saker på grunnlag av den nye nordiske samarbeidsavtalen som vart ratifisert for Noregs del i 2019. Då føretakssamanslutninga mellom Altia Plc. og Arcus ASA vart meldt i dei tre nordiske land Noreg, Sverige og Finland, vart det allereie i prenotifikasjonsfasen etablert kontakt mellom konkurransemyndigheitene i dei tre landa. Då føretakssamanslutninga vart godkjent på vilkår i 2021, var dette etter eit tett samarbeid på tvers av grensene. Den nordiske samarbeidsavtalen fekk vist nytteverdien sin ved grenseoverskridande prosessar, der moglegheita til samarbeid lettar byrden både for konkurransemyndigheitene og for dei involverte aktørane.

Ut over konkrete saker omfattar det nordiske samarbeidet fagleg erfaringsutveksling i fleire nettverksgrupper. Samarbeidet vart prega av dei restriksjonane som Covid-19 situasjonen innebar, men det kan nemnast at den nyetablerte faggruppa for dei som arbeider med kommunikasjon hadde jamlege møter gjennom året. Vidare har dei nordiske konkurransedirektørane hatt jamleg kontakt i løpet av året.

Det årlege møtet mellom dei nordiske konkurransemyndigheitene vart i 2021 gjennomført i Danmark (Helsingør). Konkurransetilsynet var ansvarleg for å gjennomføre ein workshop med fokus på informasjonsutveksling. Vidare vart det arrangert ein workshop om grøn omstilling, der det mellom anna vart fokusert på konkurranseutfordringar i marknaden for lading av elbilar. Det tredje temaet som vart dekt var ei drøfting av behovet for nasjonal regulering som supplement til EUs Digital Market Act (DMA). Møtet i Helsingør vart Lars Sørgards siste som konkurransedirektør. Han vart takka for innsatsen på scena av mellom anna den danske konkurransedirektøren Jakob Hald.

I ramma av det nordiske samarbeidet publiserte dei nordiske konkurransemyndigheitene ein rapport med tittelen "Online pharmacy markets in the Nordic". Rapporten tek eit nordisk perspektiv på konkurransesituasjonen i den digitale delen av legemiddelmarknaden. Det blir konkludert med at nettapotek kan bidra til meir effektive apotektenester, noko som kjem forbrukarane til gode. For å utløyse potensialet er det likevel nødvendig med reformer.

International Competition Network (ICN) er eit globalt nettverk for både etablerte og nyare konkurransemyndigheiter. Årsmøtet i ICN vart arrangert digitalt. Konkurransedirektøren deltok her i ein plenumssesjon som særleg fokuserte på korleis ein kan auke kunnskap og etterleving av konkurranselova i små og mellomstore føretak. Konkurransetilsynet var òg ein aktiv bidragsytar på den årlege ICN Cartel Workshop som vart arrangert med portugisiske konkurransemyndigheiter som vertskap. Dette møtet vart arrangert som ei hybridløysing med rundt 100 fysiske deltakarar og 400 digitalt deltakande. Konkurransetilsynets medarbeidarar bidrog på ein sesjon der tema var bevissikring under ein pandemi, der diskusjonen fokuserte på ulike utfordringar, moglegheiter og erfaringar som er nyttige å ta med seg i tilsynets vidare handhevingsarbeid.

Det kan til slutt nemnast at tilsynet fram til hausten 2021 var med å leie arbeidet i éi av arbeidsgruppene i ICN: Advocacy Working Group, saman med konkurransemyndigheitene i Hong Kong og Colombia. Frå hausten 2021 overtok Konkurransetilsynet leiinga i ICN Merger Working Group, saman med konkurransemyndigheitene i Spania og Brasil.

Kjell Jostein Sunnevåg
Direktør for eksterne relasjonar

" Tilsynet har eit omfattande internasjonalt nettverk. Det er heilt naudsynt i ein tid med aukande handel over grenser. For oss er det ein viktig målsetting at vi kan samarbeide effektivt med andre tilsynsstyremakter. Gjennom samhandling kan vi óg lære frå dei beste, slik at vi kan utføre dei lovpålagte oppgåvene våre ennå betre."

3.10 Konkurransefagleg forsking og utgreiing

Forsking bidrar til effektiv konkurransepolitikk

Konkurransetilsynet nyttiggjer seg både internasjonal og nasjonal forsking som grunnlag i si handheving. Tilsynet har sidan 2014 forvalta det alminnelege prisreguleringsfondet og tildelt midlar til uavhengig forsking om konkurranseforhold samt pris- og konkurransepolitiske verkemiddel. Midla frå prisreguleringsfondet har gjennom åra vidareutvikla forskingsmiljø innan konkurranseøkonomi og -jus og gitt nyttige bidrag til litteraturen. Tilsynet får gjennom prosjekta tilgang på forskingsbasert kompetanse i metodar og marknader. Enkelte prosjekt har gitt uavhengig evaluering av effektar av Konkurransetilsynets saker.

Ettersom fondet i 2021 i hovudsak var nedbygd, vart det ikkje tillyst nye forskingsmidlar i 2021. Det var likevel stadig aktivitet i mange pågåande prosjekt, mellom anna prosjekt om prisforhandlingar og prisdiskriminering, prosjekt om marknadskonsentrasjon og lønnsemd samt om skuldkravet i konkurranseretten. Fleire forskingsprosjekt vart gjennom året avslutta med gode resultat. Fleire artiklar er publisert eller er i prosess med å bli publiserte i anerkjende tidsskrift.

Tilsynet har gjennom året gjennomført ulike tiltak for å synleggjere og dele forskingsresultata, mellom anna ved publisering av artiklar på nettsider, tilvising i innlegg, i tillegg til at forskingsarbeid har vore presentert i interne og eksterne seminar. Tilsynets heldt i februar 2021 innlegg i OECD om marknadskonsentrasjon og lønnsemd i Noreg basert på arbeid utførd av Menon Economics med midlar frå prisreguleringsfondet. Ei oversikt over nye, pågåande og avslutta prosjekt i 2021 er tilgjengeleg i vedlegg 2, medan ei fullstendig oversikt over alle forskingsprosjekt og artiklar er tilgjengeleg på kt.no, sjå her.

Nærings- og fiskeridepartementet vedtok i januar 2022 nye retningslinjer for tildeling av tilskotsmidlar til konkurransefagleg forsking. For 2022 har Konkurransetilsynet fått ei ramme på 2 millionar kronar, og vil såleis frå 2022 igjen utlyse og tildele forskingsmidlar. Nye prosjekt gir auka kunnskapsdeling mellom tilsynet og akademia. Vidare satsing på forsking og utgreiing bidrar til å styrke konkurransepolitikkens kunnskapsgrunnlag og sikre effektiv handheving av konkurranselova.

Tildeling av prisar for beste masteroppgåver

Kvart år sidan 2004 har Konkurransetilsynet delt ut ein pris til beste masteroppgåve innanfor dei to fagområda konkurranseøkonomi og konkurranserett. Prisen er på 25000 kroner for kvart område. Formålet med denne konkurransen er å auke studentane si interesse for konkurransepolitikk og utvikle nettverket mellom akademia og tilsynet. I 2021 vant Ina Brekke (Universitetet i Bergen) årets pris innan konkurranseøkonomi med oppgåva "*Effekten av prisparitetsklausuler på investeringer*". Alida Masvie Hovland (Universitetet i Oslo) vart årets vinnar i konkurranserett med oppgåva "*Forholdet mellom selskapers opplysningsplikt etter konkurranseloven § 24 og selvinkrimineringsvernet. Begrenser selvinkrimineringsvernet selskapers opplysningsplikt til Konkurransetilsynet?* ".

3.11 Berekraft

Konkurransetilsynet si satsing på berekraft

I følge planen til både førre og noverande regjering skal Noreg meir enn halvere klimagassutsleppa i 2030 i forhold til 1990, og i 2050 skal netto utslepp vere lik null. Det er brei semje om at slike kutt krev ei omfattande omstilling av norsk økonomi. Sidan konkurranse er viktig for verkemåten i dei fleste marknader, er konkurransepolitikken relevant for denne omstillinga. Også internasjonalt har forholdet mellom konkurransepolitikk og berekraft fått mykje merksemd dei siste åra, då særleg i EU og i OECD.

I tildelingsbrevet frå 2022 har Nærings- og fiskeridepartementet gitt Konkurransetilsynet i oppdrag å følge den internasjonale utviklinga, og vurdere tiltak for å sikre at konkurransepolitikken støttar opp under det grøne skiftet. I slutten av 2021 starta tilsynet arbeidet med berekraft og konkurransepolitikk ved å utarbeide ei liste med overordna prinsipp og aktivitetar. I 2022 vil tilsynet fortsette satsinga med å følge utviklinga i internasjonale initiativ knytt til berekraft og miljø på konkurranseområdet, og vurdere behovet for nasjonale tiltak.

Arbeidslivskriminalitet

Konkurransetilsynet har både i sine konkurransegrunnlag og i kontraktsdokument føresegner som knyt seg opp mot arbeidslivskriminalitet. Den enkelte leverandør skal godtgjere at han held seg til ILO sine kjernekonvensjonar, som dekker forbod mot barnearbeid, organisasjonsfriheit, forbod mot diskriminering samt forbod mot tvangsarbeid. I tillegg er tilsynet sine leverandørar forplikta til å forholda seg til forskrift om allmenngjort tariffavtale. På områder der denne forskrifta ikkje dekker, skal leverandørane sørge for lønns- og arbeidsvilkår i samsvar til gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje.

Konkurransetilsynet bruker avtaler inngått av Statens innkjøpssenter, samt at det finst eit innkjøpssamarbeid med Bergen kommune. Dei same krava som nemnt over blir brukt i desse avtalene.

Berekraftsmål

Konkurransetilsynet sin innsats har i løpet av 2021 bidratt til følgande berekraftsmål:

<u>Mål 5: Likestilling mellom kjønn</u>

I Konkurransetilsynet er 59 prosent av dei tilsette kvinner. Som førstekonsulent og rådgjevar har kvinner meir enn 100 prosent av lønna til menn. Intern målsetjing om at toppleiinga skal bestå av minimum 30 prosent kvinner er oppnådd i 2021. Meir om likestilling, inkludering og mangfald i tabell i kapittel 4.4.

På internasjonalt nivå har samanheng mellom konkurransepolitikk og likestilling vore drøfta i fleire fôra som er viktige for oss, nemleg OECD og EU.

Mål 8: Sømeleg arbeid og økonomisk vekst

Delmåla 2 og 3 er i samsvar med Konkurransetilsynets hovudmål. Velfungerande marknader med gode konkurranseforhold er prega av innovasjon, produktivitet og moglegheiter for nyetableringar og små og mellomstore føretak. Om delmål 4 om berekraftig forbruk og produksjon blir vist til neste mål.

Mål 12: Ansvarleg forbruk og produksjon

Dei fleste delmåla handlar om effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Det overordna formålet med konkurranselovgivinga er å bidra til marknader som fungerer godt. Det betyr ikkje at konkurranse er eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å oppnå effektiv ressursbruk til fordel for forbrukar, næringsliv og samfunnet elles. Konkurransetilsynets verksemd bidrar til effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Her er nokre aktivitetar knytt til dette målet:

- I juni 2021 skreiv konkurransedirektøren ein kronikk i DN om konkurranse for klima som forklarer korleis konkurranse er ei drivkraft for klimavennlege løysingar, og at samarbeid om dette kan bremsa utviklinga mot eit meir klimavennleg samfunn.
- Konkurransetilsynet heldt foredrag for Avfall Noreg i eit webinar i august 2021 om konkurranserett og innovasjon og la fram døme på bruk av konkurranse for å fremme innovasjon i bransjen.

Det er viktig å presisere at Konkurransetilsynet handhever konkurransereglar som er harmoniserte med EØS-reglar, og at tilsynets innsats skal vere i samsvar med regelverk på europeisk nivå. EU-kommisjonen drøftar moglege klargjeringar i retningslinjene sine for korleis bedrifter kan samarbeide om meir klimavennlege løysingar. Tilsynet er positive til at rammene for samarbeid på dette feltet blir klargjort, men er skeptisk til å opne fullt ut for samarbeid mellom bedrifter om klimatiltak. Konkurransereglane bør framleis ha som einaste formål å fremme konkurranse som er til fordel for forbrukarar og næringslivet. Det vil på lang sikt vere gunstig for oss alle, også når det gjeld utviklinga av klimavennlege løysingar.

Konkurransetilsynet kan altså både som pådrivar, rettleiar og handhevar bidra til å oppnå berekraftsmåla, då hovudmåla våre samsvarer med fleire av FN-måla. Vi kan bruke internasjonale kjelder til å klargjere samanhengen. I tillegg har vi tiltak på verksemdsnivå som støttar opp under måla for likestilling, inkludering, redusere forureining og effektiv ressursbruk.

Kontorlokale

Konkurransetilsynet held til i kontorlokale i trafikknutepunktet ved Bergen Jernbanestasjon. Kontorlokala har energimerke A, passiv hus, som tilfredsstiller strengare energikrav enn byggeforskriftene krev. I tillegg er kontorlokala miljøsertifisert BREEAM-NOR Very Good, som er ei miljøsertifisering som måler berekraftskvalitetane på bygget der dei viktigaste aspekta ved berekraft er tatt omsyn til. Det er og tilrettelagt for innvendig sykkelparkering med tørkerom, dusj og garderobefasilitetar slik at dei tilsette kan nytta sykkel til jobb.

4. Styring og kontroll

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Verksemdstyring

Strategiplan for 2017-21 gir Konkurransetilsynet ei overordna retning for prioritering og vegval i strategiperioden. For å sette dette i samanheng med resultatkjeda frå del 2: for å ta riktige val i verksemdstyring, som gjeld dei første tre ledda i kjeda, tar tilsynet utgangspunkt i dei effektane som verksemda skal oppnå. Arbeidsmetodar og saksprioritering blir evaluerte der ein veg opp innsatsfaktorar/ressursar mot effektane og meirverdi for samfunnet. Dette vert kontinuerleg justert.



Etatsstyringsdialog

I dialogen med Avdeling for konkurransepolitikk, selskapsrett og næringsøkonomi i NFD er effektmåling av Konkurransetilsynets arbeid sentralt. Dialogen med departementet oppfattast som god og konstruktiv. I 2021 har digitalisering og daglegvare vore viktige tema i dialogen. Rapportering av oppnådde mål blir gjort i tråd med krava i tildelingsbrev og bestillingar frå departementet.

Stig Hauge Bendiksen

Administrasjons- og organisasjonsdirektør

"Konkurransetilsynet utnyttar ressursane sine på en slik måte at tilsynets strategiske mål blir oppnådd, samtidig som det daglege arbeidet skjer i tråd med tilsynets kjerneverdiar. Saker og andre aktivitetar blir prioritert der det gir mest meirverdi for samfunnet, vekta opp mot forventa ressursbruk."

Internkontroll og etterleving

Planen for strategi- og verksemd omfamnar heile verksemda, og god internkontroll er ein føresetnad for å oppnå mål og god styring. Konkurransetilsynet vurderer at verksemda si internkontroll er god. Sikkerheitssystem med avvikshandtering gir nyttige innspel til risikovurderingar og førebyggande tiltak. Regelmessig og formålstenleg intern rapportering på økonomi og tidsbruk, samt systematisering av prioritering og evalueringar har saman med vidareutvikling av styringskompetanse bidratt til at internkontroll er betre i samband med styring. Internkontrollsystemet er godt

dokumentert i form av retningslinjer og kontrollerande dokument, og omfamnar både saksbehandlings- og meir administrative prosessar i heile verksemda. For å oppnå god praksis innan informasjonssikkerheit, etterleving av forvaltningslova, offentleglova og personvernforordning blir det arbeida kontinuerleg med kompetanse og kultur. Tilsynet bruker blant anna utfalla av klagesakene i Konkurranseklagenemnda til å vurdere om det er behov for tilpassingar.

4.2 Covid-19

Året 2021 var også prega av pandemi. Dei fleste har etablert gode rutinar og utført oppgåvene sine effektivt og godt frå heimekontoret. Etter ei anonym arbeidsmiljøkartlegging i 2021, tilbakemeldingar frå vernerunder og medarbeidarsamtalar, kjem det fram at svært mange ønskjer heimekontor som ei fleksibel ordning òg etter pandemien. Konkurransetilsynet har derfor etablert ei retningslinje for "Fjernarbeid/heimekontor" som skal gjelde når det ikkje er nasjonale/lokale tiltak. Retningslinja skal evaluerast.

Fokuset i 2021 har vore å planlegge opptrappinga til ein "ny normal", der ein oppnår ein sunn balanse mellom samarbeid fysisk på arbeidsplassen og ein god fleksibilitet/autonomi for bruk av fjernarbeid.

Wenche Njøten
HR-Leiar

"Arbeidslivet etter pandemien vil vere meir digitalt enn tidlegare, når det kjem til arbeidsform og samarbeid internt og eksternt. Det er viktig for Konkurransetilsynet å vere ein attraktiv arbeidsplass med eit godt arbeidsmiljø, som følg nye trendar. "

4.3 Bemanning

Konkurransetilsynet er opptekne av å vere ein attraktiv arbeidsplass, med dyktige medarbeidarar som opplever at dei har gode faglege utviklings- og karrieremoglegheiter, samt kapasitet og kompetanse som er godt tilpassa samfunnsoppdraget. Tilsynet jobbar heilskapleg ut frå ein langsiktig rekrutteringsstrategi som mellom anna inneber profilering av tilsynet som arbeidsplass i relevante forum. Det er like viktig å vere attraktiv for eigne medarbeidarar som for nye. I 2021 reviderte tilsynet den lokale lønnspolitikken, som er eit viktig verkemiddel for dette. Tilsynet vedtok òg å setje i gang prosjekt "Interne karrierevegar" med brei deltaking og oppstart i 2022.

I 2021 hadde tilsynet bedriftspresentasjonar for studentar i eigne lokale for å styrkje rekrutteringsgrunnlaget. Tilsynet deltok òg på arbeidslivsmesser både fysisk og digitalt. Konkurransetilsynet har vanlegvis jamleg besøk av skuleklassar i den vidaregåande skulen, der me i

tillegg til å fortelje om handhevingsoppdraget vårt òg marknadsfører tilsynet som ein interessant arbeidsplass. Pris for beste masteroppgåve i både konkurranserett og konkurranseøkonomi vart delt ut på ei digital samling i desember.

Tilsynet opplever til liks med andre verksemder at arbeidsmarknaden i 2021 har endra seg betydeleg. Me hadde òg ein sterk auke i avgang (11,82%) og opplever òg ein situasjon der det er vanskelegare å tiltrekkja seg kvalifiserte ressursar. Tilsynet merkar spesielt sterk konkurranse på arbeidsmarknaden for erfarne juristar og annan spesialkompetanse, spesielt IT-kompetanse. Tilsynet vil halde fram profileringsjobben for å kunne tiltrekke den nødvendige kompetansen for å utføre samfunnsoppgåva og målsetjingar i Tildelingsbrevet 2022.

Tal på avgangar 2008-2021



I 2021 tilsette Konkurransetilsynet 11 nye medarbeidarar. 5 økonomar, 2 juristar, 2 dataspesialistar, 1 teknisk etterforskar og 1 rådgjevar til kommunikasjonsavdelinga.

I tillegg hadde fem personar traineeopphald på ca. ein månad kvar, for å auke interessa for tilsynet som arbeidsplass i eit tidleg utdanningsstadium. Tilsynet hadde óg eit 7 vekers praksisopphald for ein masterstudent ved institutt for medier og kommunikasjon ved Universitetet i Bergen.

Minst like viktig som rekruttering er å behalde dyktige medarbeidarar. Konkurransetilsynet har mange tilsette med fleire års relevant erfaring. Median ansiennitet er 9 år i 2021. Gjennomsnittleg ansiennitet i 2021 er 8,5 år mot 7,9 år i 2020.Gjennomsnittleg alder er 42,5 år *(Data frå DFØ sin fagbrukarinnsikt)*

Det er avgjerande at Konkurransetilsynet sine medarbeidarar har den riktige kompetansen for at samfunnsoppdraget kan løysast på ein god måte. Tilsynet har frå 2020 redusert samla tal på medarbeidarar med to personar. Totalt sett er samansetninga óg endra ved reduksjon av dei tradisjonelle profesjonane og administrasjon til auke av spesialkompetanse innan IT og etterforsking.

Tilsynet har no ein stab av svært kompetente medarbeidarar, med mange erfarne juristar, økonomar og tilsette med spesialkompetanse innanfor kommunikasjon, etterforsking, informasjonsforvaltning, IT, HR og økonomistyring. 13 medarbeidarar har doktorgrad. Det er vidare viktig for tilsynet at medarbeidarane får høve til å vidareutvikla kompetansen sin, mellom anna gjennom vidareutdanning, deltaking på kurs og konferansar og i nordiske, europeiske og internasjonale nettverk. I 2021 har tilsette delteke på konferansar, kurs og internasjonale møte digitalt og noko fysisk. Me ser at auka digitalisering gir auka moglegheiter for kompetansedeling og kompetanseheving.

4.4 Inkludering, mangfald og likestilling

Konkurransetilsynet arbeider for å utvikle rutinar og arbeidsformer for å nå måla for inkluderingsdugnaden til regjeringa. I samsvar med tildelingsbrevet skal tilsynet gjere greie for korleis rekrutteringsarbeidet har vore innretta for å nå målet om 5 prosent, vurdere eige arbeid opp mot måla og omtale utfordringar og vellykka tiltak. Tilsynet rapporterer i tråd med felleskrava og rettleiing frå DFØ.

Oppfølging av tilsette og ytterlegare nedgang i sjukefråvær i eit år prega av pandemien

Konkurransetilsynet er ei IA-verksemd som arbeider systematisk med helse, miljø og tryggleik (HMT) for å sikre trygge arbeidsforhold og likebehandling. Tilsynet legg stor vekt på å skape eit arbeidsmiljø som er helsefremjande og prega av tryggleik, openheit og respekt. Gode resultat innan HMT krev eit sterkt engasjement og god leiarkompetanse, og dessutan eit godt og systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Partssamarbeid, leiing og medarbeidaroppfølging har også i 2021 vore prega av pandemisituasjonen. Samarbeid i organisasjonen, kommunikasjon, informasjon og medarbeidaroppfølging har delvis gått føre seg digitalt.

Tilsynet har gjennomført vernerundar og regelmessige møte i arbeidsmiljøutvalet (AMU) i 2021, og vidareført auka fokus på leiing (distanseleiing), leiarutvikling og medarbeidaroppfølging. Psykisk helse har vore eit viktig tema dei siste åra, og ikkje mindre viktig i samband med covid-19 pandemien. I periodar med tilråding/påbod om heimekontor har særskilde HMT-grunnar vore eit like viktig omsyn som smitteverntiltak. Ein liten prosentdel har jobba frå kontoret på dette grunnlaget.

Frå sommaren 2021 var Konkurransetilsynet håpefulle på at ein kunne venda tilbake til ein meir normal arbeidskvardag, og laga ein rikhaldig gjenopningsplan samansett av faglege og sosiale aktivitetar. Før det kom nye påbod om heimekontor, klarte tilsynet å gjennomføre både felles turar, fagsamlingar og førstehjelpskurs. Medarbeidarar i tilsynet var fysisk samla til allmøte med aktuelle foredrag om den teknologiske utviklinga, korona og omstillingsevne.

"Verdsdagen for Psykisk helse" vart markert med tilgjengelege seminar, artiklar og oppslag av ulik art for å setje fokus. Andre inkluderande tiltak er tilbod om årets influensavaksine. Gravide får tilbod om samtale med jordmor og leiar på arbeidsplassen, slik at det kan leggast til rette for at den tilsette skal kunne stå lengst mogleg i arbeid gjennom svangerskapet. Alle tilsette fekk i frå 2021 tilbodet om trening i arbeidstida.

Nedgang i sjukefråvær

I Konkurransetilsynet har det dei siste tre åra vore ein nedgang og eit stabilt lågt sjukefråvær. I 2021 enda sjukefråværet på 3,7%. Dette er ein ytterlegare nedgang frå 4,9 prosent i 2019 og 6,5 prosent i 2018.



Som ein ser i tabellen under, ser ein eit stabilt lågt fråvær heile året, men ein liten auke i november. Dette kan tenkjast å ha ein samanheng med ein sesong med fleire nærkontaktar og meir eksponering for virus og smittsam sjukdom.



Sidan tilsynet no har fått gode rutinar på heimekontor, så er dette òg eit viktig tiltak for eit høgare arbeidsnærvær ved sjukdom.

Inkludering

Konkurransetilsynet har på bakgrunn av nasjonale mål og dessutan eigne strategiske mål hatt eit inkluderingsfokus i sin rekrutterings- og personalstrategi over lengre tid. Både i 2019 og 2020 oppnådde tilsynet målet om at minimum fem prosent av nytilsetjingar i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Tilsynet har delteke i traineeprogrammet i 2019/2020 som førte til fast tilsetjing. Året 2021 var meir utfordrande for nye tilsetjingar i traineeprogrammet, då periodar med lite folk på arbeidsplassen ikkje var optimal for ein god tilsettingsprosess i denne samanhengen. Tilsynet arbeidar for å nå måla i 2022. Inkludering er likevel ikkje berre relatert til rekruttering, men krev fleire konkrete tiltak for alle tilsette, uavhengig av tenestetid. Tilsynet opplever òg at det er få søkjarar til ledige stillingar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.

I 2021 hadde tilsynet 11 nytilsetjingar totalt, men ingen i denne kategorien.

Inkluderingstiltak 2021	Resultat	Vegen videre
Kultur for mangfald Bevisstgjering av leiarar, rekruttarar og tillitsvalde om inkluderingsmålet. Fokus på leiarrolla. Nytt digitalt verktøy for medarbeidarsamtalen. Fokus på tilrettelegging og restarbeidsevne òg for eigne tilsette. Fokus på å alminneleggjere heile spekteret av sjukdom. Ny avtale med bedriftshelseteneste med breiare tilbod. Seminar og artiklar om psykisk helse. Retningslinje fjernarbeid/heimekontor for auka deltaking og tilrettelegging. Bruk av heimekontor kan òg reknast som eit inkluderingstiltak, og vil nok brukast meir som ei fleksibel ordning òg etter covid-19.	Auka tendens til bruk av eigenmelding og gradert sjukmelding framfor heil sjukmelding. Redusert sjukefråvær for 3. året på rad. Konkurransetilsynet er òg klar over inkludering i intern kommunikasjon. Tilsynet søker å vise mangfaldet i organisasjonen, og å vise at alle er ei viktig brikke i organisasjonen. Fleire tilsette med nedsett funksjonsevne der arbeidsoppgåver og ansvar blir lagd til rette for den enkelte. Tett dialog mellom arbeidstakar, næraste leiar og HR.	Oppmode leiarar/HR til å auka kunnskap innan mangfald og inkludering ved å delta på kurs Fortsette fokuset i heile verksemda. Halda fram styrking av kompetansen og verktøykassa til leiarane for å auka kvalitet og tryggleik i rolla. Auka bruk av spesialkompetanse frå bedriftshelseteneste ved opplæring og rådgiving. Bruke heimekontor som ei fleksibel ordning. Evaluere retningslinje fjernarbeid/heimekontor.
Rekruttering Utlysingstekstar ytterlegare justert for å tiltrekke oss søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Etablert samarbeid rundt rekruttering med Nav Bergen. Arbeidstakarar som ikkje har norsk som morsmål kan få tilbod om å delta på norskundervisning dekt av arbeidsgivar. Etablert "Beste praksis" på rekruttering og onboarding. Styrka HR rolla si i rekrutteringsprosessen. Grundigare jobb med jobbanalysen. Fleire leiarar, tillitsvalde og HR delteke på kurs i "Mangfaldsrekruttering".	Førebels for ein kort periode til å måla effekt. Dette er eit fleirårig arbeid. Endring i haldningar til rekruttering vil gi effektar over tid. Konkurransetilsynets tilsette har åtte ulike nasjonalitetar, og 1 har bakgrunn frå utanfor EØS og det er fleire som ikkje har norsk som morsmål. Kjønnsbalansen i organisasjon og i leiargruppa i 2021 er ihht. mål.	Jobbe vidare med kravspesifikasjonar i utlysingstekstar som balanserer omsyn til mangfald og kvalifikasjonsprinsippet. Konkurransetilsynet skal forankre rekrutteringsarbeidet vidare i organisasjonen i dette arbeidet, både hos leiarar og tillitsvalde Utforming av utlysingstekst er ein viktig del av dette arbeidet. HR skal saman med leiing sikre fokus på den beste praksisen til rekruttering med fokus på mangfald og inkludering, også for lærlingar.
Universelt utforma nettsider og lokale for besøkande og tilsette Konkurransetilsynet sine lokale er universelt utforma. Etterleving av EØS-direktiv om inkluderande kommunikasjon.	Nettsida www.konkurransetilsynet.no er utarbeidd i samsvar med krava som er sette til offentlege nettsider om universell utforming. Dei fleste krava som er oppfylte viser til oppsett og utforming av innhald.	I digitaliseringsstrategien legg Konkurransetilsynet vekt på korleis digitale hjelpemiddel kan bidra til inkludering.
Erfaringsutveksling og kompetanseheving Mesteparten av erfaringsutveksling har skjedd digitalt gjennom nettverk i departementet og staten. Mykje har vore knytt til handtering av covid-19 og ein "ny normal". Delteke på digitale samlingar og webinar hos DFØ og andre.	Verdifull erfaringsutveksling for å sikre god handtering av covid-19 situasjonen særleg knytte til HMS og inkludering.	Delta i fleire og nye nettverkssamlingar. Fleire foredrag i nemnt nettverk.

Deltaking traineeprogrammet Konkurransetilsynet har delteke i traineeprogrammet i staten 2019/2020.	Desember 2019 tilsette Konkurransetilsynet ein kandidat i eit års mellombels engasjement. Vellykka, fast tilsett i 2020. Erfaringar delt med ulike nettverk.	Vurdere ny trainee i 2022. Hausta erfaringar. Alminneleggjere og ufarleggjere.

Lærlingar

Konkurransetilsynet hadde i 2021 ein IKT-lærling. Per januar 2022 jobbar tilsynet med ei vurdering av tilsetjing av læringar 2022/2023.

Likestilling

	År	Menn i pst.	Kvinner i pst.	Totalt (N)	Løna til kvinner av menn
Direktørar (ekskl. konkurransedirektør)	2021	56	44	9	95,0%
	2020	56	44	9	93,7 %
Seniorrådgjevarar	2021	45	55	74	95,7%
	2020	42	58	67	92,5 %
Rådgjevarar	2021	19	81	16	107,3%
	2020	40	60	20	106,9 %
Førstekonsulentar	2021	33	67	6	102,6%
	2020	36	64	11	100,4 %

Data henta frå DFØ si fagbrukarinnsikt.

Talet på kvinner i leiande stillingar*:* Intern målsetting om at toppleiinga skal bestå av minimum 30 prosent kvinner er oppnådd òg i 2021. I leiargruppa er det i 2021 6 menn og 4 kvinner.

Tal tilsette fordelt på aldersgruppering, ekskludert eksterne



Likelønn mellom menn og kvinner på alle stillingsnivå:
Aldersfordelinga er relativt lik som i 2020, men med ei auke av kvinner i gruppa 40-49 (+4) og reduksjon i kvinnegruppa 30-39 (-5). Ein ser at lønna til kvinner har auka i forhold til menn. For direktørgruppa (utanom konkurransedirektøren) er del av lønna til kvinner av lønna til menn 95 prosent. Konkurransetilsynet vurderer at det ikkje er nødvendig å sette inn tiltak, då forskjellen ikkje er relatert til kjønn, men basert på stilling og ansiennitet.

Delen kvinner er høgast i aldersgruppa 30-49, og delen menn er høgare for dei eldre tilsette. Det er relativt små forskjellar i lønn mellom menn og kvinner med lik erfaring og kompetanse i tilsynet. Det er derfor ikkje planlagt eller sett i verk spesielle tiltak på dette området, men tilsynet følgjer med og vil vurdere tiltak ved behov.

Sjukefråvær og kjønn:
I Konkurransetilsynet har kvinner (63,4%) eit høgare sjukefråvær enn menn (36,6%), noko som også er ei trend på nasjonalt nivå. Det er mange hypotesar om årsaker til denne generelle forskjellen, men inga direkte forklaring. Tilsynet har fleire tiltak for å redusere sjukefråvær, og har eigne tiltak for å redusere sjukefråvær blant gravide kvinner ved god oppfølging. Alle gravide arbeidstakarar får tilbod om trepartssamtale inkludert jordmor.

År	Tilsette	Deltid*		Midlertidig tilsetting		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
	Total (N)	% menn	% kvinner	% menn	% kvinner	% permisjons-dagar menn 7	% Permisjons-dagar kvinner 8	% menn	% kvinner
2021	106	2,3	1,6	2,3	0	5,0	1,4	2,1	3,0
2020	108	1,8	2,8	2,8	0	3,0	1,6	1,1	4,9

7 Permisjonsdagar i prosent av totalt antal avtalte dagsverk menn
8 Permisjonsdagar i prosent av totalt antal avtalte dagsverk kvinner

Konkurransetilsynet har som mål å tilsette fast på heiltid, men gir samstundes delvis permisjon eller mellombels redusert stilling ihht. arbeidsmiljølova og Hovedtariffavtalen, om tilsette har behov for den tilrettelegginga. Av mellombelse tilsettingar (same som deltid menn) gjeld dette spesialkompetanse (1 person) som vart avslutta august 21. Berre arbeidstakarar med deltidsarbeidsavtale er oppgitt i tala. Permisjonar og redusert arbeidstid er ikkje med.

4.5 Bruk av kommunikasjonstenester

I tråd med punkt 4.3 i tildelingsbrev 2021, har Konkurransetilsynet utført oppgåver knytt til ekstern og intern kommunikasjon med eiga bemanning.

4.6 Trygging og beredskap

Konkurransetilsynet arbeider systematisk med å førebygge uønskte hendingar, som kan hindre måloppnåing og forårsake alvorleg skade i eiga verksemd eller hos andre. Konkurransetilsynet sitt tryggingsarbeid er i samsvar med sikkerheitslova. Tryggingsplanar for 2021 og 2022 er retta mot å følge opp nasjonal strategi for digital trygging. God styring og kontroll med trygging av informasjon er eit viktig mål for verksemda og ein føresetnad for å utføre vårt samfunnsoppdrag. Konkurransetilsynet har ansvar for å handtere digitale angrep i eiga verksemd og for å dele informasjon om digitale angrep med departement og relevante samarbeidspartnarar. Verksemda har i 2021 arbeidd med anbefalte tiltak i nasjonal strategi for digital trygging. Deler av tiltaka vil bli implementert i 2022 og vårt tryggingsarbeid blir tilpassa NSM sine grunnprinsipp for tryggingsstyring.

Lorna Fredriksen
Sikkerheitsleiar

"I Konkurransetilsynet har leiarar og tilsette eit bevisst forhold til informasjonstrygging. Nye tryggingstiltak blir sett i verk fortløpande når nye sårbarheiter og truslar blir avdekka. Eit fungerande avvikssystem og eit risikobasert tryggingsarbeid, er saman med årvakne leiarar og tilsette, kritisk for at vi skal kunne hindre angrep frå ulike trusselaktørar. Økt risiko og eit forverra trusselbilde i 2022 krev økt medvit og aktsemd."

Arbeider systematisk med å førebygge uønskte hendingar

I arbeidet med trygging av sentrale verdiar, arbeider vi systematisk med å iverksette førebyggande tiltak for å hindre skade på våre verdiar. Informasjon er ein svært viktig verdi og ressurs for å kunne gjennomføre sentrale oppgåver, og dermed vareta vårt samfunnsansvar. Vårt tryggingsarbeid er risikobasert. Vi gjennomfører øvingar og tar lærdom av desse. Styringssystem for trygging er ein viktig del av korleis vi løyser våre tryggingsoppgåver. Fungerande avvikssystem og tryggingsøvingar gir grunnlag for førebyggande tiltak mot uønskte hendingar. God tryggingskultur og digital trygging har vore fokusert i 2021. Alle tilsette har delteke i tryggingsmånaden i regi av Nasjonal sikkerheitsmyndigheit (NSM).

Tryggingsarbeidet er ein kontinuerleg prosess og krev tett oppfølging av den grunnsikringa som allereie er til stades, slik at denne ikkje forringast. Vi søker å finne god balanse mellom tryggingstiltak, kva som er akseptabel risiko, og unngå at tryggingstiltak fører til låg effektivitet og er til hinder for å nå våre mål. Det blir gjennomført ein årleg verdibasert risikovurdering for verksemda sine verdiar. Risikovurderinga er basert på interne sårbarheiter og oppdatert trusselbilde presentert frå nasjonale myndigheiter. Ved uakseptabel risiko blir det iverksett ulike type tiltak for å redusere risiko.

Handtering av digitale angrep i verksemda

Konkurransetilsynet har krise- og beredskapsplan for å handtere ulike typar uønskte hendingar og avgrense alvorleg skade i størst mogleg grad dersom ei krise oppstår. Planen inneheld informasjon om korleis ein skal dele informasjon om hendingar med departement og relevante samarbeidspartnarar. Planen blir fortløpande oppdatert etter hendingar eller øvingar.

5. Vurdering av framtidsutsikter

Organisasjonsutvikling

Konkurransetilsynet har trass to år med pandemi og utstrekt bruk av heimekontor klart å utføre samfunnsoppgåvene sine på ein god måte. Som det kjem fram av denne årsrapporten og den for 2020, har det vore eit høgt nivå av synlegheit og aktivitetar, prega av mange og krevjande saker. Når ein no beveger seg over mot ein meir normal situasjon vil hovudregelen vere fysisk nærvær. Dette er viktig fordi fysisk nærvær bidreg til å skape ein bedriftskultur som støttar opp under vår måloppnåing, ikkje minst gjennom den formelle og uformelle kontakten, dei sosiale nettverka som blir etablerte, den informasjons- og kunnskapsdelinga som skjer innanfor og mellom avdelingar, praten ved kaffiautomaten; alt saman forhold som føreset at medarbeidarar møtast fysisk.

I løpet av pandemien har vi dessverre, på same måte som mange andre verksemder, opplevd at mange av medarbeidarane våre har slutta. Det vert viktig for Konkurransetilsynets framover å skape ein arbeidsplass der vi kombinerer moglegheita for fleksibilitet i bruken av heimekontor samstundes med å skape eit arbeidsmiljø der det er attraktivt å vere til stades frå ein profesjonell og personleg ståstad.

Berekraft

Ein av dei store samfunnsutfordringane Noreg og verda står ovanfor, er å legge til rette for ei berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling er evna til eit samfunn til å forbruke og nyttiggjere seg tilgjengelege ressursar utan at dette går ut over moglegheita framtidige generasjonar har til å dekke eigne behov. Utslepp av klimagassar og annan belastning på miljøet gjer at næringslivet må omstillast for å nå berekraftmåla. Energiproduksjon og transport, reisemønster og arbeidsmåtar, og produksjon og forbruk generelt må alle leggast om slik at utslepp av klimagassar reduserast radikalt.

Vi veit at konkurranse gir dei beste insentiva til omstilling og innovasjon. Når konkurransen fungerer godt, må bedrifter ta omsyn til at stadig fleire kundar ønsker produkt og tenester som er berekraftige i produksjon og forbruk. Og når konkurransen er hard, får avgifter på til dømes klimagassutslepp verke, slik at dei bedriftene som klarar å kutte utslepp, også kutter kostnadene sine og vinn fram i konkurransen. Effektiv handheving av konkurranselova er såleis eit viktig bidrag til å realisere ei berekraftig utvikling.

Det er særs viktig at konkurransen blir spelt ut innanfor eit godt tilpassa rammeverk, der reguleringane bidrar til at dei eksterne negative miljøverknadene ved aktiviteten i føretaka blir teke omsyn til i kommersielle avgjerder. Det må koste å forureine. Når marknadssvikt er adressert gjennom godt utforma regulering, vil særleg tilrettelegging for samarbeid mellom konkurrerande føretak ofte vere unødvendig.

Det kan likevel vere situasjonar der eit mangelfullt rammeverk nødvendiggjer samarbeid for å bidra til å nå måla for berekraft. Dette kan skje gjennom såkalla “berekraftsavtalar”. Ei sentral oppgåve for Konkurransetilsynet framover vil vere å klargjere korleis slike samarbeid vil vurderast under forbodsføresegna i konkurranselova, ikkje minst kva vurderingar som må gjerast for at samarbeidet

kan vere tillate. Eitt viktig aspekt ved denne vurderinga er å spørje om berekraftsmåla kan nåast på ein mindre konkurransehemmande måte. Vi vil her sjå hen til det arbeidet som EU-Kommisjonen gjer med å utvikle retningslinjer for vurdering av berekraftsavtalar.

Ei anna viktig oppgåve for Konkurransetilsynet er å peike på konkurransehemmande verknader av offentlege tiltak. I næringar som er særleg viktige for å nå berekraftmåla, vil det også vere viktig at tilsynet peiker på reguleringar som står i vegen for god konkurranse. Dette gjeld også måten offentlege innkjøp gjennomførast på. I vurderinga av tips til tilsynet, vil vi ha særleg merksemd på tips om reguleringar som legg avgrensingar på moglegheita aktørane har til å konkurrere basert på gode miljøløysingar.

Konkurransetilsynet vil arbeide for at konkurransepolitikken bidrar til den grøne omstillinga som er nødvendig for å nå bærekraftmåla.

Digitalisering og effektive handhevingsreiskap

Konkurransedynamikken i digitale marknader, marknadsstyrken og posisjonen hos digitale plattformer som portvakter, saman med verksemdene si tilgjengeleggjering av data og auka bruk av digitale verktøy i sin marknadstilpassing får stor merksemd frå konkurransemyndigheiter verda over.

Men det er òg ein kjensgjerning at digitale marknader og plattformer opererer globalt, noko som fordrar eit godt og effektivt samarbeid på tvers av internasjonale grenser. Det er naturleg at EU-Kommisjonen vil ha ei sentral rolle i handheving og utvikling av eit rammeverk som bidrar til å bevare god konkurransedynamikk knytt til digitale marknader.

På den eine sida betyr dynamikken i digitale marknader eit auka behov for raske inngrep, slik at konkurransen kan bevarast. Tradisjonelle konkurransesaker krev til dømes som oftast mange år med saksbehandling og følgande overprøving før eit rettskraftig vedtak gjeld, noko som vanskeleggjer inngrep i tide. Vidare vil inngrepsvedtak ofte vere retta mot ei snever form for åtferd, og marknaden kan ha utvikla seg mykje inntil vedtaket blir rettskraftig.

På den andre sida har det etter kvart utvikla seg ein rettspraksis og kunnskap om digitale plattformar si konkurranseskadelege åtferd som legg til rette for at ein kan vere i forkant ved å legge premissar for åtferd som bidrar til konkurransedynamikk. EU-Kommisjonens forslag om regulering av åtferd hos dei store digitale aktørane gjennom forslaget om ein "Digital Markets Act" (DMA) må sjåast i lys av dette.

Utvikling av effektive reiskap kan likevel ikkje berre sjåast i eit europeisk perspektiv. For å handtere nye behov på nasjonalt nivå har mellom anna Storbritannia, Tyskland, Danmark og Sverige tatt initiativ for å justere lovgivinga i marknader som blir rørt av den digitale utviklinga. Konkurransetilsynet vurderer behovet for å utruste konkurranselova med komplementære reiskap; reiskap som kan bidra til å sikre velfungerande konkurranse i digitale marknader - ut over dei som tradisjonelt blir nytta til å verne konkurransen.

Kompetansen og verktøykassa til styresmaktene blir utfordra av den digitale økonomien òg på andre måtar. Tradisjonelle "avtalar" mellom konkurrerande føretak om åtferd som er lovstridig kan bli erstatta av nye samhandlingsformer som kan vere minst like skadelege for forbrukarane. Digitalisering kan mellom anna innebere at føretaka kan gjere tilgjengeleg og indirekte dele store mengder konkurransesensitiv informasjon på ein måte som inneber at prisingsalgoritmar mykje meir effektivt kan gjere jobben som før vart gjort gjennom personleg kontakt. Dette inneber eit mogleg

behov for endringar i verktøya konkurransemyndighetane disponerer. Vi vurderer no korleis vi kan sikre tilgang til data og føretakas prisingssystem. Det er viktig at vi har kapasitet og kompetanse til å avdekke konkurranseskadeleg åtferd i ein digital tidsalder.

Daglegvaremarknaden

Vi har i denne årsmeldinga gjort greie for arbeidet vårt med å legge til rette for velfungerande konkurranse i daglegvaremarknaden. Arbeidet har to hovuddimensjonar, nemleg effektiv handheving og pådrivararbeidet. Forskjellar i innkjøpsprisar og kjelder til etableringsbarrierar er sentralt i pådrivararbeidet.

Gjennom strukturkontrollen kan Konkurransetilsynet stanse fusjonar og oppkjøp som påverkar konkurransesituasjonen negativt.

Konkurransetilsynet vil i løpet av 2022 ferdigstille rettleiaren om prisdiskriminering. Rettleiinga gjeld prisdiskriminering meir generelt, og ikkje berre i daglegvaremarknaden. Rettleiaren vil gi aktørane auka klarheit om rammene i konkurranselova kva gjeld prisdiskriminering.

I tråd med forventningane til departementet vil vi vidareføre pådrivararbeidet vårt basert på grundig analyse, og påpeiking av forhold som kan styrke konkurransen. Dermed er vi godt posisjonerte til å handheve konkurranselovas forbods- og inngrepsavgjerder.

Konkurransetilsynet er likevel bekymra for konkurransen og etableringshindringene i marknaden. Vi meiner det er rom for styrka konkurranse mellom dei etablerte aktørane på leverandørleddet så vel som på handelsleddet. Handheving av konkurranselova er eit av fleire gode verkemiddel for å fremme konkurransen og vi bruker det aktivt.

Men Konkurransetilsynets evne til å fremme konkurranse i denne sektoren er og eit spørsmål om verktøykassa vår har dei reiskapane som er nødvendige.

Dersom Konkurransetilsynet skulle identifisere konkurranseskadeleg åtferd som ikkje er tilstrekkeleg regulert av konkurranselova, er tilsynet open for å kartlegge eventuelle behov for regelendringar.

Strategisk samarbeid

Konkurransetilsynet har eit omfattande nasjonalt og internasjonalt nettverk som det er viktig å bygge vidare på. Vi har gode og konstruktive dialogmøte med andre nasjonale reguleringsorgan og Forbrukarrådet, med dei store næringslivsorganisasjonane, og vi har samarbeidsavtalar på område der dette er av særleg tyding for å sikre at vi gjensidig understøttar kvarandre i måloppnåing.

Viss vi ser framover er det likevel klart at det er nødvendig å utvikle nye strategiske samarbeidsrelasjonar for at vi kan møte dei utfordringane vi ser framover på ein god måte. Vi ser at dette er viktig, ikkje minst i lys av eit sterkt behov for å legge til rette for deling av informasjon som kan vere av relevans for andre deler av embetsverket sitt arbeid. Arbeidslivskriminalitet, korrupsjon, anbodssamarbeid ved offentlege innkjøp, effektive sanksjonsmekanismar gjennom godt samarbeid med påtalemakter, betre informasjon om endringar i eigarskap og kontroll som grunnlag for å vurdere konkurransemessige konsekvensar, er berre nokre stikkord som vil fordre etablering av godt samarbeid og mekanismar for utveksling av data.

Arbeidet med å etablere strategiske samarbeid vil sjåast i lys av arbeidet vårt på digitaliseringsområdet, der tilgang til data som kan bidra til å avsløre konkurransehemmande samarbeid er eit viktig element.

Framover vil Konkurransetilsynet såleis vidareføre dialogen vår med mellom andre arbeidsmarknadsmyndigheiter, Økokrim, DFØ og Brønnøysundregisteret, med sikte på å etablere god dialog og samhandling, og drøfte moglegheitene for utveksling av relevant informasjon.

Etterforsking

Også på etterforskingssida representerer digitalisering både utfordringar og moglegheiter for Konkurransetilsynet. Konkurransetilsynet er godt posisjonert til å vareta etterforskingsoppgåvene sine i lys av denne utviklinga, og fleire bevissikringar er gjort i situasjonar der sentrale data har vore lagra i skyløysingar. Vi har òg skaffa utstyr der vi på eiga hand kan ta beslag i, og analysere data frå smarttelefonar (XRY).

At data ligg lagra i skyløysingar medfører moglegheit for at vi kan gjennomføre bevissikring der fysisk nærvær i verksemda berre er nødvendig ved starten av bevissikringa; resten av innhenting av databeslaget kan skje frå lokala våre gjennom kontakt med IT-leverandør til verksemda. Dette bidreg til å styrke effektivitet i etterforskingsfasen ytterlegare.

Framover ser vi interessante moglegheiter i å ta i bruk maskinlæring og kunstig intelligens for meir effektivt å analysere dei store datamengdene i eit beslag meir effektivt. Dette er òg ei teknologisk moglegheit som EU-Kommisjonen no seier er moden for bruk i etterforskingssamanheng.

Konkurransetilsynet si utfordring framover er å etablere ein robust etterforskingskapasitet, der vi reduserer sårbarheit om sentrale medarbeidarar sluttar, og har kapasitet og kompetanse til å realisere dei moglegheitene som digitaliseringa inneber for å styrke handhevingskapasiteten vår endå meir.

Ny strategiplan

Konkurransetilsynet har starta arbeidet med ein ny strategiplan for ein ny planperiode. Sentrale strategiske mål i førre planperiode var tydeleg effekt i marknaden, utvide konkurransearenaen, godt samspel med omverda og at vi skulle bygge handhevingsarbeidet vårt på dyktige medarbeidarar i utvikling. Konkurransetilsynet har lagt opp til ein strategiprosess med god involvering av medarbeidarane, der vi adresserer dei sentrale utfordringane som vi ser for oss framover, og forventningane til departementet slik dei blir uttrykte i Tildelingsbrevet. Den nye strategiplanen skal etter planen vedtakast i løpet av første halvdel av 2022, og vil vere førande for prioriteringsavgjerdene til tilsynet dei næraste åra, samt iverksetting av nødvendige tiltak for å nå dei strategiske måla.

6. Årsrekneskap

6.1 Leiarkommentar

Stadfesting

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD i instruks for økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av Konkurransetilsynets disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Vurdering av vesentlege forhold

I 2021 har Konkurransetilsynet disponert tildelingar på kap. 911 post 01 tilsvarande 126,538 mill. kr. I tildelinga er det inkludert overført beløp frå 2020 på 3,119 mill. kr.

I 2021 fekk Konkurransetilsynet ei løyving på 3 mill. kroner på kap. 911, post 70 (ny) til konkurransefagleg forsking. Tidlegare har tilsynet lyst ut midlar frå det alminnelege prisreguleringsfondet til konkurransefagleg forsking og utgreiingar. I 2021 var det ikkje midlar igjen i fondet til ei ny tildelingsrunde, og det vart vedtatt i supplerande tildelingsbrev nr. 2 å tildele middel til ein ny post under kap. 911 til konkurransefagleg forsking. Retningslinjene for tildeling av tilskotsmiddel måtte endrast som følge av at løyvinga no skjer frå kap. 911, post 70 og nye retningslinjer vart fastsette av Nærings- og fiskeridepartementet januar 2022. Sidan retningslinjene for utdeling ikkje var klar før i januar 2022, har ikkje tilsynet gjennomført ei ny tildelingsrunde i 2021 og rekneskapen er derfor null.

Konkurransetilsynet vil frå 2022 lyse ut og tildele forskingsmidlar. Det kjem klart fram av dei nye retningslinjene at tildeling av tilskotsmidlar til konkurransefagleg forsking har som formål å fremme forsking innanfor konkurranseøkonomiske og konkurranserettslege problemstillingar, noko som vil styrke kunnskapsgrunnlaget for konkurransepolitikk. Målgruppa for ordninga er dei som er involverte i konkurranseregulering og andre som kan nyttiggjere seg resultata av den konkurransefaglege forskinga. Dette vil i neste omgang bidra til å fremme konkurransen til fordel for verdiskaping og forbrukarane spesielt.

Det er i 2021 innbetalt gebyr på 1 570,582 mill. kr. for brot på konkurranselova. Størrelsen på rekneskapsførte gebyr varierer vesentleg frå år til år i samsvar med talet på saker og sakens art.

Konkurransetilsynet har hatt ein reduksjon på 5,2 utførte årsverk i 2021 frå 2020, dette kjem av ein sterk auke i avgang i 2021.

Rapporterte utgifter til drift og investeringar for Konkurransetilsynet summerte seg til 121,118 mill. kr, der utbetalingar til lønn og sosiale utgifter utgjer 95,240 mill. kr. Øvrige driftsutgifter auka med 1,9 mill. i 2021 frå 2020. Etter gjenopninga av samfunnet i 2021 har tilsynet hatt auka utgifter til møter og kurs. Likevel har covid-19 pandemien ført til lågare utgifter til reiser og diett enn i eit normalår.

Konkurransetilsynet vil søke om overføring av ubrukt løyving på post 01 i 2021 på 5,420 mill. kr til 2021. I tillegg søker tilsynet om overføring av ubrukt løyving på post 70 – Konkurransefagleg forsking på kr. 3 mill. til 2021.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsregnskapet for Konkurransetilsynet samt det alminnelege prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil vere ferdig innan 1. mai 2022.

Konkurransetilsynet vil forvalte det alminnelege prisreguleringsfondet, til fondet er tomt. Viser til vedlegg 1 og 2 angåande omtale og årsrekneskap for dette.

Bergen, 28. Februar 2022

Tina Søreide
konkurransedirektør

6.2 Prinsippnote

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og avlagt etter retningslinene fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten». Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og "Virksomhets- og økonomiinstruks" fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

a) Rekneskapen følger kalenderåret
b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
c) Utgiftene og inntektene er førte i rekneskapen med brutto beløp.
d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Summeringslinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapet» er lik i begge oppstillingane.

Konkurransetilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder vert ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt vert saldo på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

Løyvingsrapportering

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa viser løyvingsrapportering, og behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Konkurransetilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Det er oppstilt etter kapittel og post i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eigedelar og gjeld vi står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottatte fullmakter til å belaste kapittelet for ei anna verksemd/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir bokført og blir ikkje rapportert til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapportert av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontrorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eigedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og visast derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga.

Vi har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og visast derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga. Note 7 i artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapportering med noter viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. Note 8 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa. Nota viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomveranda med statskassa.

Konkurransetilsynet har innretta bokføringa slik at den følger krava i " Bestemmelser om økonomistyring i staten". Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Det inneber at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokført i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen.

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2021

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2021	Merutgift (-) og mindreutgift
0911	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	126 538 000	121 117 537	5 420 463
0911	Forskningsmidler	70	Tilskudd til konkurransefaglig forskning, kan overføres		3 000 000	0	3 000 000
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter		0	2 629 461	
Sum utgiftsført					*129 538 000*	*123 746 998*	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling*	Regnskap 2021	Merinntekt og mindreinntekt(-)
3911	Refusjoner og andre inntekter	03	Ymse	200 000	214 400	14 400
3911	Lovbruddsgebyr	86	Ymse	16 600 000	1 570 581 960	1 553 981 960
5309	Tilfeldige inntekter - ymse	29	Ymse		128 017	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift		11 717 330	
Sum inntektsført					*1 582 641 707*	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		**-1 458 894 709**
Kapitalkontoer		
60046801	Norges Bank KK /innbetalinger	1 574 731 308
60046802	Norges Bank KK/utbetalinger	-114 656 415
715810	Endring i mellomværende med statskassen	-1 180 184
Sum rapportert		*0*

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

		31.12.2021	31.12.2020	Endring
715810	Mellomværende med statskassen	-3 853 080	-2 672 896	-1 180 184

* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter (gjelder både for utgiftskapitler og inntektskapitler). Se note B *Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig*

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
091101	3 119 000	123 419 000	126 538 000
091170	0	3 000 000	3 000 000

Konkurransetilsynet har i 2021 disponert ei samla tildeling på 091101 på kr 126,538 mill. Tilsynet disponerte i 2021 tildeling på 091170 på kr. 3 mill.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
091101		5 420 463	5 420 463	5 420 463	6 170 950	5 420 463
091170	Kan overføres	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se årlig rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon av ubrukte bevilgninger.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Konkurransetilsynet har ingen avgitte betalingsfullmakter

Fullmakt til å bruke standard refusjonar av lønnsutgifter til å overskride utgifter

Refusjonar av lønn på totalt 2,954 mill. kr er nettoført i driftsutgiftene.

Mogleg overførbart beløp

Kapittel 0911 post 01 kr. 5 420 463

Kapittel 0911 post 70 kr. 3 000 000

Oppstilling av artskontorapporteringen 31.12.2021

		2021	2020
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	1	214 400	0
Andre innbetalinger	1	0	0
Sum innbetalinger fra drift		*214 400*	*0*
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	95 239 806	92 150 306
Andre utbetalinger til drift	3	25 570 138	24 149 849
Sum utbetalinger til drift		*120 809 944*	*116 300 155*
Netto rapporterte driftsutgifter		**120 595 544**	**116 300 155**
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
Sum investerings- og finansinntekter		*0*	*0*
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	306 799	2 536 084
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	795	5 276
Sum investerings- og finansutgifter		*307 593*	*2 541 360*
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		**307 593**	**2 541 360**
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	1 570 581 960	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten		*1 570 581 960*	*0*
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	0	0
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten		*0*	*0*
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		128 017	129 150
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		11 717 330	11 538 251
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		2 629 461	2 856 716
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-9 215 886	-8 810 684
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		**-1 458 894 709**	**110 030 830**

Oversikt over mellomværende med statskassen **

		2021	2020
Fordringer på ansatte		208 355	617 181
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-3 987 876	-3 168 905
Skyldige offentlige avgifter		-79 325	-121 172
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse		0	0
Mottatte forskuddsbetalinger		0	0
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m)		8 966	0
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		-3 200	0
Sum mellomværende med statskassen	8	-3 853 080	-2 672 896

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2021	31.12.2020
Salgs- og leieinnbetalinger		
Eksterne refusjonsinntekter	214 400	0
Sum salgs- og leieinnbetalinger	**214 400**	**0**
Andre innbetalinger		
Sum andre innbetalinger	**0**	**0**
Sum innbetalinger fra drift	**214 400**	**0**

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2021	31.12.2020
Lønn	76 643 353	75 311 516
Arbeidsgiveravgift	11 717 330	11 538 251
Pensjonsutgifter*	8 404 256	8 821 557
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-2 954 108	-3 711 152
Andre ytelser	1 428 975	190 134
Sum utbetalinger til lønn	**95 239 806**	**92 150 306**
Antall utførte årsverk:	91,63	96,8

Pensjon kostnadførast i resultatrekneskapen basert på faktisk påløpt premie for rekneskapsåret. Premiesats for 2021 er 12 prosent. Premiesatsen for 2020 var 12 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2021	31.12.2020
Husleie	12 667 646	12 464 936
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	35 040	50 802
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	2 300 554	2 105 897
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	71 000	123 729
Mindre utstyrsanskaffelser	20 416	68 198
Leie av maskiner, inventar og lignende	3 446 836	3 870 536
Kjøp av konsulenttjenester	1 840 350	1 992 033
Kjøp av andre fremmede tjenester	292 090	565 398
Reiser og diett	739 505	677 165
Øvrige driftsutgifter	4 156 702	2 231 155
Sum andre utbetalinger til drift	**25 570 138**	**24 149 849**

Grunna covid-19 pandemien har tilsynet i 2021 hatt lågare utgifter til reiser og diett enn i eit normalår. Øvrige driftsutgifter har auka med 1,9 mill. Etter gjenopninga av samfunnet har Konkurransetilsynet hatt høgare utgifter til møter og kurs. Frå 2020 til 2021 auka utgiftene knytt til møter og kurs og med 1,1 mil. I 2021 auka utgiftene til annonsering av stillingar grunna høg turnover med 175 000, og utgifter til dekning av saksomkostningar auka med 500 000.

Konkurransetilsynet (KT) kjem til å vurdere bruken av konto 4740 for rekneskapsåret 2022 og framover. Praksis har vore å bruke konto 4740 for anskaffing av programvare over 30 000. I dialog med Riksrevisjonen vil vi endre praksis i samband med føring av programvareanskaffingar då årets praksis ikkje er i medhald av rettleiing til standard kontoplan.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2021	31.12.2020
Innbetaling av finansinntekter		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	**0**	**0**

	31.12.2021	31.12.2020
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	795	5 276
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	**795**	**5 276**

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2021	31.12.2020
Utbetaling til investeringer		
Immaterielle eiendeler og lignende	306 799	255 046
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	0	2 281 038
Sum utbetaling til investeringer	**306 799**	**2 536 084**

	31.12.2021	31.12.2020
Utbetaling til kjøp av aksjer		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	**0**	**0**

Konkurransetilsynet (KT) kjem til å vurdere bruken av konto 4740 for rekneskapsåret 2022 og framover. Praksisen har vore å bruke konto 4740 for anskaffing av programvare over 30 000. I dialog med Riksrevisjonen vil vi endre praksis i samband med føring av programvareanskaffingar då årets praksis ikkje er i medhald av retteiing til standard kontoplan.

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2021	31.12.2020
Gebyrer som ikke inngår som driftsinntekt	1 570 581 960	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	**1 570 581 960**	**0**

Det er innbetalt gebyr på 1 570,582 mill. kr. i 2021 for brot på konkurranselova. Størrelsen på rekneskapsførte gebyr vil variere vesentleg frå år til år i samsvar med talet på saker og sakens art.

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2021	31.12.2020
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	**0**	**0**

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskasse

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

		31.12.2021 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2021 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler				
	Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
	Obligasjoner	0	0	0
	Sum	*0*	*0*	*0*
Omløpsmidler				
	Kundefordringer	0	0	0
	Andre fordringer	208 355	208 355	0
	Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
	Sum	*208 355*	*208 355*	*0*
Langsiktig gjeld				
	Annen langsiktig gjeld	0	0	0
	Sum	*0*	*0*	*0*
Kortsiktig gjeld				
	Leverandørgjeld	-810 585	0	-810 585
	Skyldig skattetrekk	-3 987 876	-3 987 876	0
	Skyldige offentlige avgifter	-82 856	-79 325	-3 531
	Annen kortsiktig gjeld	5 766	5 766	0
	Sum	*-4 875 551*	*-4 061 435*	*-814 117*
Sum		**-4 667 197**	**-3 853 080**	**-814 117**

Vedlegg 1 - Det alminnelege prisreguleringsfond - Årsrekneskapen

1. Leiarkommentar

Det alminnelege prisreguleringsfond vart oppretta i 1941 med sikte på å få til disposisjon av prisutjamningsmiddel som ikkje var knytte til bestemde bransjar, men som kunne brukast til prisnedskriving eller for å hindra prisstigning der det ikkje var praktisk å gjennomføre spesielle utjamningsordningar. Fondet var den gong heimla i prislova § 25 og vedtektene er gitt ved kgl. res. av 22. desember 1950. Prislova § 25 vart i 1991 endra ved at det vart gitt høve til å bruke midlar av fondet til andre formål enn prisreguleringstiltak. Konkurransetilsynet har sidan 1999 vore sekretariat og rekneskapsførar til fondet. Fondet hadde ved overtaking pr 31. desember ei kontantbehaldning på 21,8 mill. kr. og ei renteinntekt på 1,3 mill. kr. Nærings- og fiskeridepartementet vedtok i 2014 nye retningslinjer for fondet, som innebar at midla kunne nyttast til å gi tilskot til forsking om konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitiske verkemiddel. Fondet vart omgjort til tilskotsfond, og skulle byggast ned og avviklast. Tildeling har i tillegg til nemnde retningslinje vore regulert av Økonomiregelverkets avgjerder kap. 3 og 6 og forskrift nr. 4316 av 24. januar 1992 om det alminnelige prisreguleringsfond.

Konkurransetilsynet lyste ikkje ut forskingsmidlar i 2021 ettersom fondet då i hovudsak var nedbygd. Det var likevel stadig aktivitet i mange pågåande prosjekt, mellom anna prosjekt om prisforhandlingar og prisdiskriminering samt prosjekt om marknadskonsentrasjon og lønnsemd. Grunna Covid 19- pandemien har det vore forseinkingar i fleire prosjekt både i 2020 og 2021, og fristutsettingar har vore innvilga etter konkrete vurderingar. Fleire forskingsprosjekt vart avslutta med gode resultat gjennom året. Fleire artiklar er publisert eller i prosess med å bli publiserte i anerkjende tidsskrift. Tilsynet gjennomfører ulike tiltak for synleggjering av forskingsresultata, blant anna ved publisering av artiklar på nettsider, tilvising i kronikkar og innlegg, i tillegg til at nokon av midla blir tildelte direkte til organisering av opne seminar innan konkurranseøkonomi og konkurranserett.

Utbetalte midlar var i 2021 på 1 mill. kr. og behaldninga var ved utgangen av 2021 på 2,9 mill. kr. Grunna covid-19 har det vore forseinkingar i mange prosjekt og alle prosjekt har etter ei konkret vurdering fått innvilga fristutsetting. Utbetaling til dei ulike prosjekta vil dermed fortsette i samsvar med tildelt ramme og ressursbruk i justert tidsplan. Ved utgangen av 2021 hadde Prisreguleringsfondet resterande forplikting på 1,8 mill. kr. til dei ulike prosjekta.

Pågåande og avslutta prosjekt er nærare omtalte i vedlegg, og dessutan Konkurransetilsynets årsrapport del 3.

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", og krav frå NFD i retningslinjene til fondet. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av disponible løyvingar, regnskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld som fondet har. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for det alminnelege prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per no. Revisjonsmeldinga som i tillegg vil gjelda rekneskapen for Konkurransetilsynet, er forventa å vere klar innan mai 2022. Revisjonsmeldinga er unnateke

offentlegheita fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen. Dokumentet blir publisert på Konkurransetilsynets sine nettsider når dokumentet blir offentleg.

Bergen, den 28. februar 2022

Tina Søreide
konkurransedirektør

2. Oppstilling av løyvingsrapportering med noter

Prinsippnote for løyvingsrapportering

Årsrekneskapen for det alminnelege prisreguleringsfondet er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsett i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene i punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2019. Det alminnelege prisreguleringsfondet vart oppretta ved avsetning av avgifter som følge av prisregulering. Fondet er gruppert til å vere eit B2.3 fond, eit fond med middel som ikkje kan reknast som aktivum i kapitalrekneskapen, men som statlege styresmakt har rett til å disponere. Det alminnelege prisreguleringsfondet er ein formuemasse (kapital) som rekneskapsmessig er skilt frå dei andre midla til staten, og der bruker er bunde til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår. Fondet har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal gå føre seg gjennom konsernkontoordninga frå staten og likvidane skal oppbevarst på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldning på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og endringar i perioden på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle eigedelar og forpliktingar som fondet er oppførte med i kapitalrekneskapen til staten, blir vist i oppstillingas nedre del.

Oppstilling av løyvingsrapportering 31.12.2021

Behaldning rapportert i likvidrapport	Note	Regnskap 2020
Inngåande saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank		3 949 218
Endringar i perioden		-1 019 746
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank		2 929 472

Behaldning rapportert til kapitalrekneskapet 31.12.2021

Konto	Tekst	Note	2021	2020	Endring
811502	Behaldning på konto(ar) i Noregs bank		2 929 472	3 949 218	-1 019 746

*Note A utarbeidast ikkje for Det alminnelege prisreguleringsfondet på bakgrunn av at det ikkje blir gitt tildelingar over statsbudsjettet til fondet. Det er berre årlege renteinntekter som blir bokført som inntekter til fondet.

2.1 Oppstilling av fondsrekneskap med noter

Prinsippnote til årsregnskapet

Det alminnelege prisreguleringsfondet har rekneskapsførarnummer 811502 og oppgjerskonto 0677 6014 3695 i Noregs Bank. Fondsrekneskapen tilsvara oppstillinga i rekneskapen til verksemda i årsrekneskapen for statlege verksemder. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalt. Utgifter (overføringar frå fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalt.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Periodens resultat er forskjellen mellom overføring til fondet og overføring frå fondet og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Oppstilling av resultat for PF 2021	Note	2021	2020
Overføringar til fondet			
Overføringar frå andre statlege rekneskap	1	598	37 963
Sum overføringar til fondet		**598**	**37 963**
Overføringar frå fondet			
Overføringar til andre statlege rekneskap	2	1 020 344	3 478 058
Sum overføringar frå fondet		**1 020 344**	**3 478 058**
Resultat for perioden		**-1 019 746**	**-3 440 095**
Disponering			
Overføring av resultat for perioden til opptent fondskapital		**-1 019 746**	**-3 440 095**

Oppstilling av balanse for PF 2021	Note	2021	2020
Eigendelar			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		2 929 472	3 949 218
Sum eigendelar		**2 929 472**	**3 949 218**
Fondskapital og gjeld			
Innskot fondskapital	3	21 800 000	21 800 000
Opptent fondskapital	3	(18 870 528)	(17 850 782)
Sum fondskapital og gjeld		**2 929 472**	**3 949 218**

Note 1
Fondets inntekter består av renteavkastning på behaldning i Noregs Bank. Dette er vist i linja overføringar frå andre statlege rekneskap med kr 598

Note 2
Det er gjort utbetalingar til prosjekt hos følgande mottakarar i 2021:

Mottakar	Beløp
Samfunns- og Næringslivsforskning AS	635 344
Tore Lunde	60 000
Handelshøyskolen BI	325 000
Sum tilskotsutbetaling 2021	**1 020 344**

Note 3
Ved overdraging som sekretariat for fondet i 1999 hadde fondet pr 31.12 ein kontantbehaldning på kr 21,8 mill. Renteinntektene var på kr 1,3 mill. Opptent fondskapital er renteavkastning og utbetalingar i perioden frå overdraging av fondet. Ved utbetalingar frå fondet kan det nyttast både renter og innskoten kapital.

Vedlegg 2 - Det alminnelege prisreguleringsfond - Rapportering på prosjekt

Konkurransetilsynet utlyste og tildelte frå 2014 til 2020 årleg forskingsmidlar frå det alminnelege prisreguleringsfond. Det vart ikkje utlyst midlar i 2021 ettersom fondets midlar i hovudsak var nedbygd. I det følgande gis ei overordna oversikt over prosjektporteføljen med aktivitet i 2021. Fullstendig oversikt over tildelingar til prosjekt og tilhøyrande artiklar/rapportar er tilgjengeleg på kt.no/forsking.

Avslutta prosjekt

SNF:

Competition and risk-taking: Disentangling bank and borrower behaviour

Prosjektet vart ved vedtak V2018-2 tildelt 220.000 kr for 2018 og 420.000 kr for 2019. Prosjektets mål har vore å estimere korleis grad av intensitet i konkurransen påverkar bankar og låntakars risikotaking, og dermed den overordna risikoen for bankane. Prosjektet har resultert i artikkelen "*Bank consolidation, interest rates, and risk: A post- merger analyses based on loan-level data from the corporate sector*" av Steffen Juranek, Øivind A. Nilsen og Simen A. Ulsaker. Arbeidet er også utgitt i SNF sin working paper serie (nummer 4/2). Prosjektets analyser og resultat er presentert i internt seminar i Konkurransetilsynet. I tillegg har prosjektet resultert i ei masteroppgåve som også er utgitt som rapport ved SNF: "*The Effect of Credit Portfolio Diversification and Ownership on Banks' Risk Exposure*".

SNF:

Price discrimination in the input market: efficiency enhancing or anti- competitive?

Prosjektet vart ved vedtak V2019-6 tildelt 600.000 kr for 2019 og 630.000 kr for 2020, totalt 1.230.000 kr. Prosjektet har studert kva faktorar som gir opphav til prisdiskriminering mellom detaljistar. Prosjektet har levert to akademiske artiklar. Artikkelen "*Less is more in bilateral channel coordination? Linear wholesale pricing may outperform more complex contracts*" av Øystein Foros, Hans Jarle Kind og Greg Shaffer er gitt ut som SNF arbeidsnotat 02/21. Artikkelen "*Size-based input price discrimination under endogenous inside options*" av Charlotte B. Evensen, Øystein Foros, Atle Haugen og Hans Jarle Kind er gitt ut som SNF working paper nr. 03/21.

Noregs Handelshøgskule:

European Association for Research in Industrial Economics (EARIE) konferanse 2021

Prosjektet vart ved vedtak V2020- 2 tildelt 300.000 kroner i 2021 til gjennomføring av den 48. årlige EARIE konferansen i Bergen i 2021. Grunna covid-19 pandemien måtte arrangementet endrast frå fysisk konferanse til digital konferanse. Den digitale konferansen vart heldt 28. august – 29. august 2021.

SNF: ***Industrial organization of legal and illegal cartels: dynamics in collusion over time and jurisdiction***
SNF fekk ved vedtak V2017-5 tildelt 304.000 kr for 2017 og 762.913 for 2018. Prosjektet har resultert i tre artiklar: "*Norwegian cartels"* av Frode Steen og Eirik Østerud, publisert i Oslo Law Review, "*Industrial organization of legal and illegal cartels: Dynamics in collusion over time and jurisdiction*" av Ari Hyytinen, Otto Toivanen og Frode Steen samt "*How do cartels adjust*" av Frode Steen, Ari Hyytinen og Otto Toivanen. Arbeid frå prosjektet er presentert i internt seminar i Konkurransetilsynet.

Uni Rokkansenteret:
The law and economics of exclusion
Prosjektet vart ved vedtak 2015-35 tildelt 1.266.000 kr i 2017. Prosjektet har levert to vitskaplege artiklar; "*Exclusionary contracts and investment*" av Greg Shaffer og Simon Ulsaker og "*Exclusive Contracts with cournot competition*" av Bjørn Olav Johansen og Greg Shaffer. Arbeidet er presentert i internt seminar i Konkurransetilsynet i 2021. Arbeid med ein tredje mogleg artikkel er etter ei heilskapsvurdering avslutta.

SNF/ Universitetet i Oslo/Noregs Handelshøgskule:
Skyldkravet i konkurranseretten og alternative håndhevelsesformer
Prosjektet er ved vedtak V2019-4 tildelt 718.500 kr for 2019 og 718.500 kr for 2020, totalt 1.437.000 kr. Prosjektet omhandlar prinsipp for føretaksansvar i konkurransesaker, med tyding også for anna økonomisk kriminalitet. Prosjektet har resultert i tre artiklar: "*Skyldkravet i konkurranseretten – et objektivt ansvar for systemsvikt?*" av Erling Hjelmeng og Jørn Jacobsen, "*The Economics of Corporate Liability and Enforcement*" av Emmanuelle Auriol, Erling Hjelmeng og Tina Søreide og *'Sanksjonsregimer for foretak'* av Erling Hjelmeng, Jørn Jacobsen, Jon Petter Rui og Tina Søreide. Førstnevnte artikkel er publisert i *Tidsskrift for Rettsvitenskap*. Den andre er sendt til vurdering til *Journal of Law and Economics.* Den tredje artikkelen er publisert i *Tidsskrift for Strafferett.* Deler av prosjektet blei presentert på Konkurransetilsynets konferanse i konkurranserett våren 2021.

Menon Economics: ***Utvikling i markedskonsentrasjon og marginer i Norge***
Prosjektet vart ved vedtak V2020-5 tildelt 1.249.500 kroner. Prosjektet har resultert i artikkelen "*Industry concentration and profitability in Europe: the case of Norway" av* Lars Stemland Eide, Jonas Erraia and Gjermund Grimsby, og vil bli pubsliert i «Journal of Economics and Statistics. Arbeid med ytterlegare ein artikkel vart etter ei heilskapsvurdering avslutta, mellom anna fordi resultata viste seg lite robuste og utfordrande å forklare opp mot hypotesar og teoretiske samanhengar. Arbeid frå prosjektet er presentert i OECD og i internt seminar for Konkurransetilsynet.

Pågåande prosjekt

Bergen Center for Competition Law and Economics (BECCLE):
Seminarer, masterstipender og BECCLE konferansen
BECCLE konferansen vart ikkje heldt i 2021 grunna Covid-19 pandemien. BECCLE får overført midlar tildelt ved V2020-22, og overført ved V2020-3, til gjennomføring av BECCLE konferansen våren 2022.

Handelshøyskolen BI:
Prissamarbeid, prisforhandlinger og prisdiskriminering
Prosjektet vart ved vedtak V2020-4 tildelt 696.000 kroner for 2020 og 603.500 kroner for 2021, totalt 1.300.000 kroner. Prosjektet skal i samsvar med prosjektplanen levere minst to akademiske artiklar eigna for internasjonal publisering. Prosjektet vil også resultere i to masteroppgåver. Covid-19 pandemien har ført til forseinking i prosjektet, blant annet for gjennomføring av eksperimenter, og prosjektet vil ferdigstillast innan juni 2022.

SNF/ Universitetet i Bergen, juridisk fakultet/ Noregs Handelshøgskule:
Between predation and bid rigging: Competition issues in procurement markets
Prosjektet vart ved vedtak V2019-3 tildelt 550.000 kr for 2019 og 850.000 kr for 2020, totalt 1.400.000 kr. Prosjektet vil levere tre akademiske artiklar eigna for publisering i vitskaplege tidsskrift. I samband med Covid-19 pandemien har prosjektet blitt forlenga mellom anna for å kunne gjennomføre planlagde presentasjonar og workshops.

Uni-Rokkansenteret:
Ikke-pris effekter av fusjoner – implikasjoner for fusjonskontrollen
Prosjektet vart ved vedtak V2018-1 tildelt 431.000 kr for 2018 og 888.000 kr for 2019. Prosjektet har resultert i to artiklar; "*National pricing with local quality competition*" og "*National pricing, quality competition, mergers and remedies*". Prosjektet har i lys av utfordringar knytt til gjennomføring av prosjektet under covid-19 pandemien, fått ytterlegare fristutsetting slik at siste artikkel i prosjektet ferdigstillast innan utgangen av juli 2022.

Nye prosjekt i 2021

Tore Lunde: ***Gjelder det et skjerpet beviskrav for utmålingsmomenter som inngår i fastsettelsen av administrative reaksjoner? Jf. Høyesteretts dom i Rt-2012-1556 (Brosaken) avsnittene 35 og 60***
Prosjektet fekk ved vedtak V2020-1 tildelt 240.000 kroner for 2021 til prosjektet, som vil levere ein juridisk fagartikkel eigna for publisering i anerkjent tidsskrift. Covid-19 pandemien og andre forhold har medført forseinkingar for prosjektet. Prosjektet vil etter dette ferdigstillast innan utgangen av 2022.

KONKURRANSE•
TILSYNET
Norwegian Competition Authority

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen
T: +47 555 97 500

Konkurransetilsynet.no